



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 995 883 031  
Organisasjonsform: Stiftelse  
Foretaksnavn: SPAREBANKSTIFTINGA SOGN OG FJORDANE  
Forretningsadresse: Langebruvegen 12  
6800 FØRDE

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Hallvard Klakegg  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 29.04.2024

### Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 19.06.2025



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Finans- og investeringsinntekter	1,2,3	274 077 000	161 276 000
<b>Sum skaffa middel</b>		<b>274 077 000</b>	<b>161 276 000</b>
<b>Brukte middel</b>			
Tilskot, løyvingar m.v. til oppfylling av organisasjonen sitt føremål	4	55 787 000	39 564 000
Kostnadar til aktivitetar som fyller føremålet	2,5,6,7 ,8	2 990 000	2 935 000
<b>Kostnadar knytte til organisasjonen sitt føremål</b>		<b>58 777 000</b>	<b>42 499 000</b>
Annan finanskostnad		239 000	317 000
Administrasjonskostnadar	2,5,6,7 ,8	3 322 000	2 585 000
<b>Sum brukte middel</b>		<b>62 338 000</b>	<b>45 401 000</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>211 739 000</b>	<b>115 875 000</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>211 739 000</b>	<b>115 875 000</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>211 739 000</b>	<b>115 875 000</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>EIGEDLAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar og partar	1	1 820 484 000	1 827 107 000
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>1 820 484 000</b>	<b>1 827 107 000</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>1 820 484 000</b>	<b>1 827 107 000</b>
<b>Krav</b>			
Andre krav		87 000	31 000
<b>Sum krav</b>		<b>87 000</b>	<b>31 000</b>
<b>Investeringar</b>			
Andre marknadsbaserte finansielle instrument	3	495 291 000	363 851 000
<b>Sum investeringar</b>		<b>495 291 000</b>	<b>363 851 000</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	9	248 525 000	144 636 000
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>248 525 000</b>	<b>144 636 000</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>743 903 000</b>	<b>508 518 000</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>2 564 387 000</b>	<b>2 335 625 000</b>
<b>FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Føremålskapital</b>			
<b>Grunnkapital</b>			
Grunnkapital	10	1 408 500 000	1 408 500 000
<b>Sum innskoten føremålskapital</b>		<b>1 408 500 000</b>	<b>1 408 500 000</b>
<b>Føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar</b>			



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Annan føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar	10	50 000 000	50 000 000
<b>Sum føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar</b>		<b>50 000 000</b>	<b>50 000 000</b>
Annan føremålskapital	10	1 061 325 000	849 586 000
<b>Sum føremålskapital</b>		<b>2 519 825 000</b>	<b>2 308 086 000</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetjing for plikter</b>			
Pensjonsplikter	7	867 000	1 209 000
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>867 000</b>	<b>1 209 000</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>867 000</b>	<b>1 209 000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	2	207 000	75 000
Skuldige offentlege avgifter		302 000	192 000
Anna kortsiktig gjeld	4	43 187 000	26 063 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>43 696 000</b>	<b>26 330 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>44 563 000</b>	<b>27 539 000</b>
<b>SUM FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD</b>		<b>2 564 388 000</b>	<b>2 335 625 000</b>



Admincontrol

## List of Signatures Page 1/1

### 20240313 - signert Årsrapport 2023 med rev beretning.pdf

Name	Method	Signed at
Gloppestad, Leidulf	BANKID	2024-03-19 09:13 GMT+01
Strand, Vegard Tore	BANKID	2024-03-18 07:52 GMT+01
Bøe, Anne-Mari Sundal	BANKID	2024-03-17 22:26 GMT+01
Petty, Kjersti Røysum	BANKID	2024-03-17 21:56 GMT+01
Sunde, Silje Skaar	BANKID	2024-03-17 20:26 GMT+01
Klakegg, Hallvard	BANKID	2024-03-21 07:38 GMT+01



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD13C4A



# Innhald

Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	3
Våre gåvetildelingar	4
Kunst og kultur	8
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	10
Humantære tiltak og helseformål	12
Samfunnsutvikling og sosiale tiltak	14
Kompetanse, utdanning og forskning	16
Klima, miljø og naturvern	20
Overordna næringsutvikling	22
Furorevinnarar	24
Styret si oppsummering av 2023	30
Aktivitetsbasert resultatrekneskap	33
Aktivitetsbasert balanse	34
Kontantstraumoppstilling	35
Notar til rekneskapen	36
Revisjonsmelding	42
Sparebankstiftinga sine styrande organ	44
Styring og kontroll med stiftinga si verksemd	45
Oversikt over gåvetildelingar i 2023	46
Opplysningar om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	50


Vi skapar mangfald, trivsel  
og utvikling

[www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no)



FRAMSIDEFOTO: *Unge eldsjeler* er eit eittårig program for unge eldsjeler innanfor frivillige organisasjonar i Sogn og Fjordane

GRAFISK UTFORMING: Sparebanken Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

# Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart etablert i 2010 og er hovudeigar av Sparebanken Sogn og Fjordane. Stiftinga eig 93 % av eigenkapitalbevisa i banken. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap av banken, utøve forsvarleg kapitalforvaltning og dele ut gåver til samfunnsnyttige tiltak. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er blant dei største sparebankstiftingane i landet, målt i bokført forvaltningskapital.

Sparebankane har med si over 200 års historie hatt ei sentral rolle i utviklinga av lokalsamfunna i Norge. Formålet med sparebankane var frå starten av at dei skulle vere hjelp til sjølvhjelp for folk med små inntekter, og bidra til økonomisk sjølvstende og tryggleik for den enkelte. Sparebanken Sogn og Fjordane har røter heilt tilbake til 1842, då Førde Sparebank blei etablert. Gjennom samanslåing av 25 sparebankar er Sparebanken Sogn og Fjordane i dag den 9. største sparebanken i landet. Banken er ikkje børsnotert.

## Hovudformål



Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har i sine vedtekter definert følgjande hovudformål:

- Stiftinga sitt formål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparbanken Sogn og Fjordane og vidareføre sparebanktradisjonane.
- Stiftinga sitt formål skal vidare vere å gi gåver til allmenntilgjenglege formål. Ved sine disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til distriktet som har bygd opp kapitalen til Sparebanken Sogn og Fjordane.
- Stiftinga skal i tillegg forvalte midlane på ein formålstenleg måte ut i frå omsynet til tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkastning.

## Visjon og verdiar

- **Visjon** Drivkraft for Sogn og Fjordane.
- **Verdigrunnlag** Mangfald, trivsel og utvikling.
- **Langsiktig** Vi skal forvalte sparebankarven – *i dag og i all framtid*. Vi skal sette av til reservar som sikrar det langsiktige eigarskapet til banken og kontinuitet i gåvetildelinga.
- **Uavhengig** Gåvesøkjjarar, forretningspartnarar, myndigheiter og ålmenta generelt må til ei kvar tid ha tillit til vår profesjonalitet og integritet.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

## Våre gåvetildelingar

Arbeidet med gåvetildelingane er hovudaktiviteten i den daglege drifta av stiftinga. Sparebankstiftinga sitt mål er at gåvetildelingane skal gjere Sogn og Fjordane til ein betre plass å vere, gjennom å fremje verdiar som mangfald, trivsel og utvikling. Sidan starten i 2011 har Sparebankstiftinga bidrege med om lag 300 millionar kroner til samfunnsnyttige tiltak.

Dei årlege gåvetildelingane har auka betydeleg sidan oppstarten, slik grafen under viser.

**Tildelte gåver 2011-2023 (i millionar kroner)**




Fig. 1: Utvikling i årleg gåvetildeling i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.


Sparebankstiftinga sin føremålsparagraf slår fast at midlane i hovudsak skal delast ut i området der verdiane er skapt historisk. Den geografiske fordelinga av midlane samsvarar difor i grove trekk med Sparebanken Sogn og Fjordane sitt marknadsområde. I tillegg er ein del av midlane òg delt ut til regionale tiltak. Døme på dette er gåver som vert nytta til aktivitet i heile Sogn og Fjordane.

På neste side følgjer geografisk fordeling av gåvemidlane for 2023.

**Meininga med livet er å finne ei gåve. Hensikten med livet er å gje den bort.**

«David Viscott»

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD4B13C4A

## Søknader og gåver per kommune 2023 (i millioner kroner)




Fig. 2: Søknadssum samanlikna med gåvetildeling fordelt på kommunenivå i 2023.

Tal søknader som Sparebankstiftinga mottok varierer noko frå år til år. På den eine sida har god omdømebygging av stiftinga sitt gåvearbeid, samt auka gåvebudsjett, medverka til fleire søknader. På den andre sida har Sparebankstiftinga sin utstrekte dialog med lag og organisasjonar ført til at ein har samla fleire parallelle søknader til felles prosjekt, og dermed bidregte til å redusere tal søknader.

I 2023 fekk stiftinga 717 søknader. Av desse vart 352 søknader innvilga, noko som gjev ein tildelingsprosent rett i underkant av 50 %. Dette er ein litt lågare utdelingsgrad samanlikna med 2022 (rett i overkant av 50 %). Elles hadde Sparebankstiftinga ein betydeleg høgare total gåvesum i 2023, samanlikna med 2022 (jf. fig. 1).






Fig. 3: Tal søknader og gåvetildelingar i 2023 fordelt på føremål. Mange tiltak har fleire føremål, og er difor skjønsmessig fordelt.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID: CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

Styret i stiftinga har eit overordna mål om å ha ein utdelingsgrad på om lag 30 % i gjeldande strategiplan, det vil seie at løyvde gåver skal vere om lag 30 % av stiftinga sine inntekter. Tabellen under viser utdelingsgrad og løyvde kroner dei seks siste åra.



## Gåveåret 2023


Stiftinga har oppretthalde sitt mål om å bidra i endå større grad enn før til positiv samfunnsutvikling. Til liks med 2022 har stiftinga gitt tilsagn om gåver til om lag halvparten av dei mottekne søknadane. I tillegg har stiftinga vidareført sin praksis med å utvikle samfunnsnyttige prosjekt sjølv, ut frå regionen sine behov.

Stiftinga har tildelt gåver til følgende føremål:

- Kunst og kultur
- Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Humanitære tiltak og helseformål
- Samfunnsutvikling og sosiale tiltak
- Kompetanse, utdanning og forskning
- Klima, miljø og naturvern
- Overordna næringsutvikling

Her kan ein lese om nokre av tiltaka som stiftinga har støtta i året vi har bak oss.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane    ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

## Vil at turnarane skal ha tilskodarar

Neste år treng ikkje føresette stå rundt turnapparata i Dragehallen i Førde. For etter at banksjef for privatmarknaden i Sparebanken Sogn og Fjordane, Lars Solnør, dukka opp med ein gåvesjekk frå Sparebankstiftinga på 200 000 kroner, så blir det no tribune.

No kan både aktive, og ikkje minst foreldre snart sjå fram til betre fasilitetar i Dragehallen i Førde. Innpå 150 foreldre/føresette brukar å vere på mange av tilstellingane. No kan turngruppa etablere tribune i den eine enden av lokalet, og dermed sleppe å ha folk rundt i heile hallen.

## Til vinteren

Som leiar for ei svært aktiv turngruppe kunne Kariann Husevåg Løland fastslå at dette har vore planen lenge, men at dei med desse gåvekronene kan realisere dei ambisiøse planane. I løpet av vinteren 2024 skal nemleg tribunen vere på plass. Då kan turngruppa arrangere stemne og oppvisningar med publikum til stades. No kan turnarar frå andre plassar i landet også bli inviterte for å delta på turnstemne. Noko som gjer at det er store forhåpningar om at turngruppa vil utvikle seg vidare.


## Dugnad

Saman med eigenkapitalen i turngruppa og denne gáva frå Sparebanken Sogn og Fjordane, kan prosjektet bli realisert raskt. Det blir ein del dugnad for medlemmene i samband med tribune-etableringa. Noko føresette gladeleg stiller opp på. Dette er verkeleg vinn-vinn, seier Husevåg Løland.

Turngruppa i Førde idrettslag har omtrent 450 medlemmer per dags dato, og for nokre aldersgrupper er det ventelister.



Turngruppa i Førde idrettslag har om lag 450 medlemmar.



No kan både både aktive, og ikkje minst foreldre sjå fram til betre fasilitetar i Dragehallen i Førde.



## Kunst og kultur

Det var ellevill jubel då Teater Vestland i november fekk tre millionar kroner i gåve til Nynorsk scenspråksenter. – Då eg hørde vi fekk pengar, tenkte eg berre; Dette er fantastisk», fastslo Cecilie Grydeland Lundsholt ved teateret.



*Det var stor jubel då Teater Vestland fekk tre millionar i gåve til Nynorsk Scenspråksenter. F.v. Yngve Thorsen (Sparebankstiftinga), Johanne Viken Sandnes (Sparebanken Sogn og Fjordane) og Cecilie Grydeland (Teater Vestland).*

Teatersjefen viser til at denne gáva vil få store konsekvensar for kvaliteten på det nynorske språket som blir praktisert ved Teater Vestland. No kan skodespelarar få høve til å fordjupe seg i nynorsk, få tilgang til rettleiarar og ikkje minst makte å utøve nynorsk for eit publikum. Det var Yngve Thorsen i Sparebankstiftinga og Johanne Viken Sandnes frå Sparebanken Sogn og Fjordane som dukka opp med den store gåvesjekken i det nyopna Nynorskhuset, midt i Førde sentrum. Huset lokaliserer forutan teateret, medieinstitusjonane NRK Vestland og Firda, samt dei to utdanningssentra «Nynorsk avissenter» og «Nynorsk mediesenter».

### Stor gåve

Dette er den største enkeltgåva gitt av Sparebankstiftinga hausten 2023, og Yngve Thorsen med ansvar for gåve- og samfunnskontakt i stiftinga understreka verdien av å ha eit teater som fokuserer på å utvikle skodespelartalent kor det nynorske språket, som blir servert frå scena, har høg kvalitet. Tanken er at dette også vil skape gode ringverknadar innanfor kulturlivet i regionen vår.


### For nynorsken

Nynorskhuset vart opna hausten 2023, og er den største nynorskkynga i Norge med meir enn 100 tilsette totalt.

Sparebanken Sogn og Fjordane har også hjartet sitt i nynorsken, og er oppteken av å bruke nynorsk som forretningsspråk. Kommunikasjonsdirektør Johanne Viken Sandnes understrekar at banken er på det same laget som teateret og har dei same måla med tanke på språket.

– Teater Vestland er verkeleg i fullt driv for tida, og det er utruleg kjekt å sjå. At det blir satsa på scenekunst på nynorsk er så viktig, for det sikrar at publikum får oppleve kultur på eige språk. For at nynorsken skal utvikle seg må den brukast, og her er Teater Vestland ein svært sentral aktør, sa kommunikasjonsdirektøren.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

## «SJØENS STAVKYRKJE» INN I EIGE HUS

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er oppteken av at den 143 år gamle Holvikejekta skal takast vare på, og har bidrege økonomisk til at det blir bygd eit eige verne- og formidlingsbygg på Sandane.

I 2021 gav stiftinga 500 000 kroner til dette prosjektet, og i 2023 var bidraget på halvannen million. Med desse to millionane til saman håpar stiftinga at det unike fartøyet Holvikejekta endeleg skal bli teke vare på for framtida. Musea i Sogn og Fjordane har lenge jobba for å få på plass eit eige verne- og formidlingsbygg på Øyrane på Sandane, slik at denne historiske skatten blir teke vare på, og at forfallet vi har sett i lang tid, endeleg skal stoppe opp.

### Unik historie

Holvikejekta vart bygd i 1881 på Sandane, og er eit av dei viktigaste maritime kulturminna i landet. Dette er den einaste klinkbygde jekta som er teke vare på, og fører ein historisk tradisjon langs kysten av Norge tilbake til mellomalderen. Seglbåten var primært bygd for å frakte varer mellom bygdene i Fjordane og Bergen, men vart etter kvart utkonkurrert av båtar med motor, og ikkje minst lastebilar når dei kom tidleg på 1900-talet. Men heldigvis var det eit framsynt sogelag i Gløppen som i 1906 forstod at skulle Holvikejekta leve eit liv etter at den ikkje lenger var i bruk, så måtte skuta på land. Dette skjedde i 1906, og Holvikejekta vart dermed det første objektet i samlinga på Nordfjord Folkemuseum.

### Flytta inn

Hausten 2023 vart Holvikejekta flytta til sin «nye heim» like ved. Fem personar frå Hardanger Fartøysenter stod bak den tunge jobben med å flytte den 40 tonn tunge «Holvikejekta» på skinner. Heldigvis var distansen berre 30 meter bort til området der det nye museumsbygget skal reisas. Denne jobben skal gjerast i 2024. Etter 11 månaders byggetid er planen at besøkande kan komme inn i det nye bygget i 2025.

### Unik skatt

Jekt er Nord-Europas største klinkbygde jekta, og er unik i verdssamanheng. Dette er den siste og best bevarte jekta som fører ein lang tradisjon med frakt av fisk og ved langs norskekysten i over 400 år.

Holvikejekta er i same båtbyggertradisjon som vikingskipa og dei store skutene frå mellomalderen. Med eit flunkande nytt bevarings- og formidlingsbygg kan framtidige generasjonar få kjennskap og dermed truleg auke attraksjonen til denne unike jekta.



*Med eit nytt bevarings- og formidlingsbygg sikrar ein at framtidige generasjonar får kjennskap til eit av dei viktigaste maritime kulturminna i landet.*

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane | ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

## Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

### NATUREN SIN VIKTIGE FUNKSJON

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er eit område som tradisjonelt står sterkt i sparebanktradisjonen, og kor spesielt idretten har spelt ei viktig rolle. I periodar har gåvetildelingane til denne sektoren vore nærare 50 prosent av dei totale tildelingane frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

I 2023 har vi lagt vekt på mellom anna å «gå etter» nye og spennande prosjektplanar. Til dømes har kajakk-aktiviteten teke seg kraftig opp, og vi har mellom anna bidrege til støtte til nystarta kajakk-aktivitet i Aurland. I verdsarvfjorden har Aurland Turlag starta opp eige padlelag, og Sparebankstiftinga har applaudert dette med støtte til både kajakkurs og investering i kajakkar og kajakk-stativ. Vi ser at dette er eit stadig aukande segment, og reknar med at det i framtida vil bli mange kajakkar å sjå i dette unike fjordlandskapet.

### Ferdsl på sjø

Det same gjeld i Luster-området, inst i Sognefjorden. Vi har gjeve støtte til innkjøp av nye kajakkar i både Skjolden og Marifjøra, som er tilgjengelege for alle.

Dessutan har stiftinga gjeve støtte til kajakk-aktiviteten i Florø, med mellom anna innkjøp av eige naust til kajakkfolket. Gjennom rammegåvene til Sogn og Fjordane Turlag har vi gjeve støtte til Midtre Nordfjord Turlag sine planar om kajakknaust i Traudalen. Dette er eit svært godt fiskevatn i 330 meters høgde, som ligg i eit idyllisk fjell-landskap.



*DNT Sogn og Fjordane arrangerar ei rekke kurs og kompetanseutviklingstiltak. Her frå kurs i Florø.*

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

## Ferdsel på land


Dessutan er den meir tradisjonelle turlags-aktiviteten sterkt aukande i landet. Med meir press på mange av dei tradisjonelle tur-rutene, så er det trong for utbetringar av stiar og kloppar. Aldri før har så mange gått på tur i terrenget. Mange av dei lokale turlaga i Sogn og Fjordane har intensivert dette renoveringsarbeidet av eksisterande stiar, først og fremst gjennom eit utruleg viktig dugnadsarbeid.

I Indre Sunnfjord Turlag har mellom anna stien til det populære turmålet Nordheia gjennomgått store endringar i 2023, gjennom arbeidet til medlemmene i Indre Sunnfjord Turlag. På nokre dagar er det registrert over 100 personar på tur til dette fjellet, med den flotte utsikta vestover Førdefjorden. Då er det ikkje overraskande at stien i det myrlendte terrenget blir prega. Utleggingar av steinar og bygging av kloppar har gjort området endå meir attraktivt, og då er det kjekt for stiftinga å kunne bidra til at stadig fleire tek turen ut i naturen.



*Den tradisjonelle turlags-aktiviteten er sterkt aukande. Her ser ein ei gruppe på tur til Keipen.*

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

# Humanitære tiltak og helseformål

## 43 ÅR GAMAL HYTTE BLIR ERSTATTA

Heilt sidan 1981 har Sogndal Røde Kors hatt tilhald i lagshytta si i Hodlekve. Med ei overraskande gåve frå Sparebankstiftinga og Sparebanken Sogn og Fjordane på to millionar kroner, kan hjelpekorpsset no byggje ei heilt ny beredskapshytte.

Frivillige i Sogndal Røde Kors sitt hjelpekorps var nesten frå seg av glede då dei rett før jul i 2023 fekk overrett ein gåvesjekk på to millionar kroner. Under ei enkel samling i den gamle beredskapshytta i Hodlekve, kunne Yngve Torsen i stiftinga, saman med tilsette ved Sparebanken Sogn og Fjordane, komme med ei førjulsgåve til dei frivillige. Gåvemottakar fortalde at arbeidet med å bygge ny hytte vil gå i gang straks telen har gått ut av jorda.


### Riving straks

Planen er at den gamle hytta skal rivast, og opp på den same tomta skal ei flunkande ny hytte reise seg. Dermed vil 2024 bli prega av stor bygge-aktivitet, og dei frivillige ser verkeleg fram til at den gamle hytta frå 1981 snart skal vere historie. Den stettar ikkje på nokon måte dei krava som blir stilt til ei beredskapshytte, ikkje minst fordi det knapt nok er plass til dei 10-12 personane som er på vakt kvar helg i vinterhalvåret, når aktiviteten er på topp i Hodlekve. Dessutan har utstyrsparken til hjelpekorpsset endra seg mykje sidan den gamle hytta vart bygd, og det er ikkje god nok plass til snøscooterar, kjelkar, tilhengjarar og anna relevant utstyr som hjelpekorpsset sine medlemmer har trong for i dag.



*Den gamle beredskapshytta skal rivast, og opp på den same tomta skal ei ny hytte reise seg.*

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.


Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD4B13C4A

## I sentrum


Når det gjeld lokalisering av den nye beredskapshytta så har Sogndal Røde Kors bestemt at den skal ligge i det same område som tidlegare, først og fremst fordi det er eit område som er lett tilgjengeleg, både for ambulanse og helikopter.

Leiaren for gåve og samfunnskontakt i stiftinga, Yngve Thorsen, understreka at denne gåvetildelinga er midt i blinken med tanke på stiftinga sitt føremål. Her vil frivillige få betre rammevilkår for å utføre det viktige arbeidet dei gjer for fellesskapet. I det perspektivet finst det knapt nok nokon betre organisasjon å gje pengar til, understreka Thorsen til medlemmene i hjelpekorpsset då dei banktilsette vart vist rundt i dei kummerlege tilhøva dei frivillige har hatt i lang tid.

Den nye hytta har ein kostnadskalkyle på 5,7 millionar kroner, og med eigenkapital, forventa tilskotsmidlar og ikkje minst dugnad, vil dei starte opp arbeidet i april/mai måned i 2024. Noko som betyr at den nye beredskapshytta skal takast i bruk i løpet av 2025.



*Med ei gåve frå Sparebankstiftinga og Sparebanken Sogn og Fjordane kan hjelpekorpsset i Sogndal no byggje ei heilt ny beredskapshytte.*



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.


Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD4B13C4A

## Samfunnsutvikling og sosiale tiltak

### TEK ANSVAR FOR EIGA UTVIKLING


I samband med etableringa av Sunnfjord kommune 1. januar 2020 vart det oppretta eit eige utviklingsprosjekt som skulle ivareta dei mindre tettstadane i kommunane gjennom nærmiljøråd. Eit av tiltaka Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har støtta er jobben som er gjort av nærmiljørådet i Viksdalen.

Viksdalen Nærmiljøråd vart etablert som ein konsekvens av dei arbeidsgruppene som vart etablert i samband med etableringa av storkommunen i Sunnfjord i 2020. I utgangspunktet var det snakk om fem råd, nemleg Bygstad, Sande, Naustdal, Skei og Vassenden i dei tidlegare Gaular, Naustdal og Jølster kommune. Seinare kom også Viksdalen Nærmiljøråd inn i gruppa.



*I Viksdalen har Nærmiljørådet løfta fram mange gode utviklingstiltak, og skapt eit engasjement som styrkar bulysta i området.*

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD4B13C4A

## Lokalt engasjement

Akkurat rådet i Viksdalen har løfta fram mange gode utviklingstiltak, og skapt eit engasjement som ikkje minst har styrkt bulysta i dette området. Faktisk har dette arbeidet som nærmiljørådet i Viksdalen har teke initiativ til, blitt honorerert i form av at Viksdalen i januar 2024 vart kåra til årets bygd under ei gallatilstelling for Sunnfjord kommune.

I grunngjevinga til prisen vert det understreka at nærmiljørådet, som vart etablert hausten 2021, er svært aktivt. Ikkje minst unikt i form av at unge tilflyttarar har gått inn og teke ansvar. Lokalbefolkninga engasjerer seg sterkt i utviklinga av bygda, og har dokumentert eit aktivt frivillig organisasjonsliv. Mellom anna er Viksdalen svært dyktige når det gjeld både kultur og idrett, og bygda har også etablert ein eigen festival.

## Gåvetildeling

I dette perspektivet er det difor heilt naturleg at Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har bidrege økonomisk i form av gåvetildelingar. Knappe fem millionar kroner er tildelt dette føremålet i heile Sogn og Fjordane.


Ikkje minst har stiftinga ved fleire høve understreka verdien av dugnadsarbeidet i Viksdalen som eit godt døme på kva som er mogleg å få til. Noko også leiarane i nærmiljørådet har understreka ved fleire høve, kor viljen til å leggje ned ein innsats for fellesskapen er ein føresetnad for at bygda lever. Denne eigeninnsatsen til gode for alle i bygda, ligg bak det meste av jobben som vert utført. Alt frå trivselselement som å klippe plenar, rydde skog, sette ut benkar til meir næringsretta aktivitet.

Kort og godt handlar det om å vise fram ei bygd som heilt tydeleg tek ansvar for eiga utvikling.



Lokalbefolkninga engasjerar seg sterkt i utviklinga av bygda. Her frå ein dugnad sommaren 2023.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

## Kompetanse, utdanning og forskning


### ROBOTAR FOR FRAMTIDA

Den største einskildgåva frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane i 2023 vart gjeve til Høgskulen på Vestlandet i samband med etableringa av Robotics Lab på Øyrane i Førde. Her skal små og mellomstore bedrifter få hjelp til å utvikle robotar til sitt bruk.

Visjonen er at HVL Robotics Lab skal styrke teknologiutdanningane i regionen, samt at det skal bli bygd kapasitet til forskning og utvikling saman med det lokale næringslivet. I samband med opninga hausten 2023 dukka direktøren for bedriftsmarknaden i Sparebanken Sogn og Fjordane, Roy Stian Farsund, opp med ein gåvesjekk på 7,5 millionar kroner frå Sparebankstiftinga.



*Den største einskildgåva frå Sparebankstiftinga i 2023 vart gjeve til Høgskulen på Vestlandet i samband med etableringa av Robotics Lab på Øyrane i Førde.*



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A




*Ved det nye robotikksenteret byggjer dei robotar som skal hjelpe små og mellomstore bedrifter.*

## Synergjar

Farsund understreka i samband med gåveutdelinga at det var inspirerende å sjå korleis HVL jobba aktivt opp mot næringslivet. Han viste til at eit variert studietilbod er viktig for lokalsamfunnet, og at studiestadar og næringsliv dreg synergjar av kvarandre. Det nye HVL Robotics Lab er på den måten med på å gjere studietilbodet i regionen meir interessant for dei fleste.

## Forstå roboten

Ved det nye robotikksenteret er dei allereie i ferd med å bygge robotar som skal hjelpe små og mellomstore bedrifter. Mellom anna kunne Gizem Ates Venås, som har levert doktorgradsavhandling på området, under opninga av senteret vise fram ein robot. Hennar oppgåve er å oversette det «menneskelege» til eit språk som roboten kan forstå. For Venås er ikkje målet at roboten skal erstatte, men i staden hjelpe den tilsette med sine arbeidsoppgåver. Derfor blir den programmert til å ha «menneskelege eigenskaper», og skal på den måten vere både fleksibel og ettergjevande, kunne forskar og leiar Erik Kyrkjebø ved forskingssenter forklare. Han viste til at ved å leggje handa på roboten, så responderer den med å stoppe opp. Noko som viser at dei skal vere trygge og gode å samarbeide med.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

## VIL STYRKE DEN VIDAREGÅANDE SKULEN

Årdal Teknologipark har teke på seg rolla å møte trongen for å sikre god kompetanse og skape ei lokalforankring i mellomrommet mellom næringsliv, utdanningsaktørar og det offentlege. Dette initiativet verdsette Sparebankstiftinga så sterkt at dei gav ei gåve på ein million kroner i 2023.

Det var Jan Petter Vadheim og Anne Mikalsen Steinheim i Sparebanken Sogn og Fjordane som på vegner av stiftinga kunne overrekke ein gåvesjekk på 1 million kroner rett før jul, under ein konferanse ved Årdal Teknologipark. Gåva vart motteken med jubel frå forsamlinga, og Geir Hansen ved teknologiparken vedgjekk at han ikkje hadde rekna med at dei skulle få ei så stor pengestøtte. Han viste til at næringslivet i regionen hadde utfordringar med å få tilgang til rett kompetanse, og at dette på sikt ville kunne vere til hinder for vidare vekst og utvikling. Det har også komme klare nasjonale føringar på akkurat dette.


### Styrke skulen

Pengane frå Sparebankstiftinga er øyremerkt eit prosjekt som er kalla «Sogn kompetanse- og utdannings-senter», som er ein del av kompetansestrategien i Årdal Teknologipark. Vestland fylkeskommune har også bidrege med tre millionar kroner til prosjektet.

Pengane vil styrke særleg den vidaregåande skulen i området, då prosjektet går ut på å sikre riktig kompetanse til dei som skal inn i eit utdanningsløp, dei som er i jobb, eller dei som treng ny kompetanse (omskulering).



Jan Petter Vadheim og Anne Mikalsen Steinheim overrekte ein sjekk på 1 million kroner til Årdal Teknologipark rett før jul.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD13C4A

Med tanke på lokaliseringa i Årdal, så går prosjektet i klartekst ut på å vise elevar i både ungdomsskule og vidaregåande skule kva realfag og teknologiske fag kan gje av utdanning og yrke. Dei skal vidare også motivere og assistere bedrifter som vil vidareutdanne sine tilsette, samt støtte tilsette som vil ha ny kompetanse. Kort og godt handlar det om å bygge kompetanse på forskjellige nivå.


## Grøn region

Dette betyr også at samarbeidet mellom «Øvingsfabrikken» ved Årdal teknologipark og industrien og bedriftene skal bli styrka. Dette gjeld både i Årdal og i heile regionen.

Prosjektet er svært godt forankra både i lokale, regionale og nasjonale planar for kompetanseutvikling. Spesielt er dette eit viktig element i den regionale planen i Vestland fylkeskommune, om berekraftig verdiskaping og kompetanse i arbeidslivet. No blir det i stor grad opna opp for at det vil bli skapt lokal forankring på tvers av aktørane i næringslivet, utdanningsinstitusjonar og det offentlege. Noko som er sentralt når Årdal og regionen elles skal lukkast med å utvikle og nå målsettingane i Grøn Region Vestland.



*Gåva vart overrekt under ein konferanse ved Årdal Teknologipark. F.v. Jan Petter Vadheim (Sparebanken Sogn og Fjordane), Geir Hansen (Årdal Teknologipark) og Anne Mikalsen Steinheim (Sparebanken Sogn og Fjordane).*



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD4B13C4A

## Klima, miljø og naturvern

### STØTTE PÅ EIN TUNG DAG

På same dag som kraftverket på Borgund fekk stans og reduserte vasstilførselen i Lærdalselva kraftig, kom Sparebankstiftinga med millionsjekk til Villakssenteret.

Desse pengane skal gå til å ferdigstille utstillingane som allereie er påbegynt ved Villakssenteret, og dei færreste hadde tankar om at denne historiske utstillinga kan ha blitt endå meir aktuell då vasstilførselen vart kraftig redusert 30. november. Konsekvensen av nedstenginga var at lakseyngel av alle aldersklassar vart liggjande tørrlagde i elva. Anten fraus yngelen fast i isen, eller så vart den liggjande på land.


#### Kanten av stupet

Denne overraskande situasjonen med massevis av daud yngel underbyggjer berre det faktum at villaksen er svært utsett. Noko også Alf Olsen jr. og Åge Flakk ved Villakssenteret understreka då Jan Petter Vadheim stakk innom med ein million kroner. For pengane skal først og fremst gå til å ferdigstille utstillingane ved Villakssenteret. Villaksen i Norge har hatt ei dramatisk utvikling over tid. Når det gjeld Lærdalselva, som av mange er sett på som Dronning-elva i Norge for laksefiske, så er denne totalfreda ut 2025-sesongen. Derfor er det svært viktig å få fortalt historia til nye generasjonar om kor viktig laksefisket har vore i Lærdal, og kva verdi dette fisket har hatt både med tanke på næring og rekreasjon.



*Satsinga ved Villakssenteret skal gje betydelege ringverknader lokalt.*

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

## Auke med turistar

Leiaren ved Villakssenteret er svært glad for at Sparebankstiftinga støttar utviklinga ved Villakssenteret, og har i det siste sett auka tilstrøyming til senteret som ligg kloss i Lærdalselva. Faktisk går ei sideelv nærast gjennom senteret, og det skal vere mogleg for besøkjande å sjå laksen vandre forbi gjennom glasvindauge.

Første del av utstillingane vart opna i juni 2023, og både kong Harald og kronprins Håkon har vore innom senteret i år medan dei har vore i Lærdal. Dessutan viser kundeteljaren at innpå 10 000 personar har besøkt senteret det siste året, og at samarbeidet med Norways Best opnar opp for at mange asiatiske kundar tek turen innom. Dette er eit samarbeid som Villakssenteret har med turistdestinasjonen Flåm.

## Svært viktig


Spesielt er dette viktig då Norge har eit internasjonalt ansvar for den atlantiske laksen, som dessverre er på raudlista. Det er mange faktorar som ligg bak den negative utviklinga til villaksen, og det er svært viktig å formidle kunnskap til befolkninga om situasjonen. Den nye delen av utstillinga, som totalt er på 1.330 kvadratmeter, skal ta for seg tema som forskning, forvaltning, politikk og framtid. Den skal etter planen stå ferdig sommaren 2024.

Målet er at satsinga ved Villakssenteret skal gje betydelege ringverknader lokalt, i form av arbeidsplassar og auka omsetnad. Satsinga vil gje større aktivitet, sysselsetjing og verdiskaping og vil heilt klart styrke sogne-regionen som eit attraktivt reisemål. Dessutan er desse utstillingane svært viktige med tanke på å lære opp skuleelevar på samspelet i naturen.



*F.v. Alf Olsen jr., Åge Flakk og Jan Petter Vadheim.*

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane | ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD4B13C4A

# Overordna næringsutvikling

## RASKARE TIL TOPPS HER

Vestlandsforskning konkluderer med at det er mogleg å få ei raskare karriereutvikling i distrikta enn kva som er tilfelle i større byar. Dette var nokre av funna som vart vist fram under rekrutteringskonferansen «Folka» på Skei i oktober 2023.

Kristin Løseth og Daniel Furberg i Vestlandsforskning konkluderte med at desse funna vart stadfesta då dei la fram sin rapport på rekrutteringskonferansen. Det er Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane som har bestilt forskingsoppdraget, og direktør Hallvard Klakegg var svært nøgd med resultatet som vart framlagt. Han viser til at dei mange gonger hadde høyrte myten om at det er lettare å klatre på karrierestigen i distrikta enn i byane. Dette er noko stiftinga gjerne ville ha dokumentert gjennom ein forskingsrapport, og direktøren i stiftinga håpar at bedrifter i Sogn og Fjordane nyttar seg av forskingsrapporten med tanke på å rekruttere nye tilsette. For det at det er kortare karrierestige i distrikta, er eit fortrinn som bedrifter i heile distrikts-Norge har, kunne Klakegg fastslå etter rekrutteringskonferansen «Folka» som samla 160 deltakarar.

## Fekk dokumentasjon

Som bakteppe for Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt ønske om å få undersøkt dette nærare, ligg det faktum at det er ei veksande utfordring å få tak i, og å halde på, nok og rett kompetanse i Distrikts-Norge. På same tid har ein fleire døme der det vert hevda at karriereutviklinga kan gå raskare ute i distrikta. Noko som blir forklart med breiare arbeidsoppgåver, meir ansvar og tettare band til leiinga i bedriftene på mindre plassar. Dette finn forskarane også støtte for i undersøkinga, då heile 48 prosent opplevde at lokalisering i Sogn og Fjordane påverka tempoet i karriereutviklinga både «noko positivt» og «positivt». Eit fleirtal av respondentane opplever også større nærleik til leiinga i organisasjonen, og kjensla av meir ansvar og større breidde i arbeidsoppgåvene enn dei ville fått i storbyane.



Frå rekrutteringskonferansen «Folka» på Skei i oktober 2023.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A


## Bakside av medaljen

Men forskarane Kristin Løseth og Daniel Furberg kunne også vise fram at dei hadde fått tilbakemeldingar på at små miljø kunne føre til uheldige prosessar, der kjennskap og venskap får stor innverknad på tilsettingsprossar og lønsforhandlingar. Dette kan kome av at færre individ tek avgjerder knytt til tilsettingar ute i distrikta. Kort veg til leiinga er altså ikkje alltid er å sjå på som positivt.


For som forskarane konkluderte med så kan det vere kort veg for nokon på karrierestigen, og ikkje for alle. Det å komme i ein utfordrande relasjon til leiinga kan vere krevjande i små miljø, der leiarane ofte sit lenge i jobben. Når det dessutan er få alternative stillingar i nærleiken, så kan det gjere situasjonen vanskelegare, vart det understreka. Forskarane viste til at åremålsstillingar og kortare tilsettingsperiodar kan vere tiltak for å førebygge dette.

## Vere synleg

Eit særtrekk som blir nemnt ved å jobbe i distrikta, er at arbeidstakarane opplever å vere meir synlege fordi dei bur og jobbar i små lokalsamfunn. Dette kjem i tillegg til dei andre positive særtrekka ved distriktsarbeidslivet, som er færre kandidatar på utlyste stillingar, meir ansvar og nærleik til dei som tek viktige avgjerder, konkluderte forskarane på rekrutteringskonferansen «Folka».



*F.v. Kristin Løset og Daniel Furberg frå Vestlandsforskning i samtale med Yngve Thorsen og Hallvard Klakegg frå Sparebankstiftinga.*



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFFB13C4A

## Furorevinnrarar

### FØRDIANAR FORSKAR PÅ KREFT I HJERNEN

Erlend Moen Taule fekk årets første Furorestipend i kategorien «Opa klasse». Sunnfjordingen er dagleg stort sett å finne på laboratoriet ved Haukeland universitetssjukehus, der han forskar på hjernekreft.

Førdianaren vart utruleg overraska då han fekk melding om å komme ein tur ned til bankavdelinga som Sparebanken Sogn og Fjordane har i Bergen. Her kunne nemleg banksjef Torunn Steimler overrekke 27-åringen årets første Furorestipend, som går til talentfulle ungdommar i alderen 15 til 30 år i kategoriane idrett, kultur og opa klasse.

#### Hjernekreft

Moen Taule hadde sjølv søkt om Furore-stipend då han hadde medstudentar som hadde fått tilsvarende stipend i Midt-Norge. Likevel rekna han det som lite sannsynleg at han skulle vere i posisjon til å konkurrere om desse stipenda med alle talenta som Sogn og Fjordane historisk har fostra, ikkje minst innan idrett- og kultur.

Til dagleg blir det mykje laboratorie-arbeid på Moen Taule. Han forskar mest på korleis kreftceller spreiar seg til hjernen, og jobbar konkret med å prøve å finne medisin som kan forhindre at dette skjer. I forskingsgruppa til professor Frits Thorsen ved Haukeland Universitetssjukehus testar dei mellom anna ut diverse legemiddel på cellene, for å sjå om dei får forventna verknad.

#### Heile verda

27-åringen har akkurat publisert ein fagartikkel i Norsk Legetidsskrift. Denne artikkelen var ei oppsummering av diagnostikk, behandling av kreft som spreiar seg til hjernen. Då Moen Taule vart oppringt av Sparebankstiftinga, så var han på veg til ein stor hjernekreft-konferanse i Rotterdam i Nederland. Der hadde han to presentasjonar (postar) og fekk høve til å møte og diskutere med andre forskarar innanfor same fagfelt frå heile verda.

Furorevinnaren går for tida på forskarlinja ved Universitetet i Bergen. Moen Taule valde først lærarutdanning i starten av studiet sitt, og grunnjev det med at begge foreldra hans er lærarar. Men etter to år på lærarstudiet, valde han så å hoppe av og i staden begynne på medisinstudiet. I dag går han på sitt sjette år som medisinstudent på forskarlinja.



*Erlend Moen Taule frå Førde fekk årets første Furore-stipend. Her saman med Torunn Steimler i Sparebanken Sogn og Fjordane.*

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD4B13C4A

## KVEN SKULLE TRU AT NOKON KUNNE SPELE FOTBALL HER?

Staden er Holvik, like vest for Måløy sentrum. Dette er bygda du køyrer gjennom viss du skal ut på Kannesteinen. Her bur familien Tennebø, med dottera Ylinn (23). Når Sissel Vik frå Sparebanken Sogn og Fjordane bankar på døra, er Ylinn heime for å slappe av medan ho skal førebu seg på både semifinala i NM-cupen og Champions League-kampar mot Real Madrid.

Slik var agendaen då fotballtalentet Ylinn Tennebø overraskande fekk overrekk Furorestipendet i september 2023. Ho trudde ho skulle vere heime for å slappe av ei frihelg. I staden vart ho overraska på døra av Sissel Vik frå Sparebanken Sogn og Fjordane som hadde med 50 000 kroner i Furore-stipend frå Sparebankstiftinga. Noko som nærast slo pusten ut av den fotrappe spelaren. Sjølv om ho er vandt med kraftig vind der ho har vakse opp kloss ved den største attraksjonen i ytre Nordfjord, Kannesteinen, og har det stormande havet rett utanfor stovedøra.

### Landslaga

Ylinn Tennebø har spelt på dei norske U16, U17 og U23-landslaga, og no spelar ho på den beste kvinneklubben i landet, Vålerenga. Ein klubb som i haust spelte den siste kvalifiseringsrunden til Champions League mot sjølvaste Real Madrid.

Heilt sidan ho var lita jente så har fotballen oppteke ho. Ho starta opp i ballbingen på Holvik like ved heimen sin før ho gjekk vidare via Måløy IL, via Tornado Måløy, Kaupanger, Avaldsnes og no altså Vålerenga.

### Heimom

Sjølv om Ylinn i dag spelar på Norges høgaste nivå, og møter mange av verdas beste spelarar i internasjonale turneringar, så er ho oppteken av å halde kontakten med venninnene sine og miljøet heime i Måløy. Når ho er heimom i periodar ho har spelefri, så stikk ho innom lokale kampar for å sjå dei unge spele. Ikkje minst tek ho ein tur nedom ballbingen i Holvik der ho la grunnlaget med hundrevis av timar i leiken med lærkula.



*Ylinn Tennebø har spelt på dei norske U16, U17 og U23-landslaga, og no spelar ho på den beste kvinneklubben i landet, Vålerenga.*

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDDBF13C4A

## FRÅ BARNEKORET I BREMANGER TIL KØBENHAVN

Ho har hatt ei fantastisk reise frå barnekoret i Bremanger til Hovudscena i København, der ho skal syngje Madama Butterfly. Hausten 2023 vart ho heidra med Furore-stipendet under ei tilstelling i Florø.

Lite visste den talentfulle operasongaren frå Bremanger om at det var avtalt spel at ho skulle syngje under Sparebanken Sogn og Fjordane sitt motivasjonsforedrag med fotballprofilen Dagfinn Enerly og kona Mona i slutten av oktober. For etter at 28-åringen Helena Bjarkadottir hadde gjennomført den kjende Puccini-melodien «O mio babbino caro», dukka direktør i privatmarknaden Linda Vøllestad Westbye opp saman med kunde-rådgjevarane Linda Stenseth og Rose-Lene Eikeset frå Bremanger-kontoret og fortalde at Helena hadde fått tildelt 50 000 kroner i Furorestipend frå Sparebankstiftinga.

### Operadiva

Då kom tårane hos den komande operadivaen.

Sopranen kunne innrømme at for det første så vart ho rørt til tårer då ho vart invitert for å syngje i Samfunns-huset i Florø, før ho heilt utan å vite noko som helst fekk overrekt 50 000 kroner som Furore-vinnar. For ein fattig student kom desse pengane utruleg godt med, fortalde den komande operadivaen frå Bremanger.

Etter at ho reiste frå barnekoret i Bremanger har vegen hennar gått via musikklinja på Firda vgs på Sandane, Grieg-akademiet i Bergen, Toneheim Folkehøgskule ved Hamar, bachelor ved Universitet i Stavanger, samt masterutdanning ved det Kongelege Konservatoriet i Skottland.

### Med dei største

I dag er ho i ferd med å fullføre masterutdanninga si som praktikant ved Den Kongelege Danske Opera i København, og skal våren 2024 debutere på Hovedscenen på Den Kongelege Danske Opera som Kate Pinkerton i Madama Butterfly, operaen som har gjort komponisten Giacomo Puccini verdskjent. Berre det å få syngje med fleire verdsstjerner då, blir garantert ei stor oppleving.



Operasongaren Helena Bjarkadottir frå Bremanger vart heidra med Furore-stipendet under ei tilstelling i Florø.





## UTANFORSKAP - INKLUDERINGSFONDET

«Utenforskap kan ramme alle - små barn og unge, arbeidsledige, innvandrere og flyktninger, syke og uføre, eldre eller enslige - folk i alle aldre og helt ulike livssituasjoner.» (Helgesen, 2016).

I 2023 har Sparebankstiftinga forsterka sin innsats i høve utanforskap ved å etablere *Inkluderingsfondet*. *Inkluderingsfondet* er ei ordning som idrettslag og andre ideelle organisasjonar kan bruke til å hjelpe medlemmar som har behov for å bli inkludert, eller er frå familiar med vanskelegstilt økonomi. Familieøkonomien bør ikkje vere ein barriere for at born og unge kan delta i fritidsaktivitetar på linje med andre. Gjennom *Inkluderingsfondet* kan organisasjonar søkje om å få midlar til å dekke til dømes medlemsavgift, treningsavgift, deltakaravgift og nødvendig personleg utstyr. Ordninga vart lansert saman med Vestland idrettskrets, m.a. fordi idretten har høg deltaking og er ein fritidsaktivitet som krev ulike eigenandelar, men også fordi idretten har erfaringar med å handtere problemstillinga.

I 2023 er det i sum delt ut om lag 560 000 kroner til ulike organisasjonar frå *Inkluderingsfondet*.

### Rammegåver

Sparebankstiftinga ser at det styrkjer kompetanseutvikling og struktur når organisasjonane får høve til å forvalte midlar til eiga verksemd sjølve. Organisasjonane har også inngåande kunnskap om aktiviteten i sine egne lokallag, og kan lettare prioritere mellom dei. I tillegg opplever lokallaga søknadsprosessen som enklare når ein vender seg til regionalledet i eigen organisasjon.

Difor har stiftinga i 2023 vidareført ordninga med at dei største og mest aktive organisasjonane i Sogn og Fjordane, får ei rammegåve frå stiftinga som dei fordeler mellom lokallaga og til eventuelle overordna satsingar. Sparebankstiftinga har utarbeida egne retningslinjer for rammegåver, og gåvemottakarar skal årleg rapportere korleis rammegåva er fordelt vidare på tiltak og lokallag.



I 2023 har følgjande organisasjonar fått rammegåve:

- 4H Sogn og Fjordane
  - Sogn og Fjordane Røde Kors
  - DNT Sogn og Fjordane
  - Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane
- Huset i Bygda (fordelar midlar til lagseigde kulturhus)

Det er to varige gåver vi kan gje barna våre: Den eine er røter, den andre er vengjer.

«ukjent»

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

## GÅVEKRONENE

Avkastninga frå stiftinga sine oppsparte midlar og årlege utbytte frå Sparebanken og Fjordane gjev stiftinga høve til å bidra vesentleg til ei positiv utvikling i Sogn og Fjordane. Samstundes erkjenner Sparebankstiftinga at det i eit samfunnsperspektiv er avgrensa med midlar ein rår over. Då er det særskilt viktig at Sparebankstiftinga forvaltar midlane slik at dei utgjer ein reell skilnad.

Stiftinga har difor prioritert å støtte følgjande områder:

- Gode oppvekstvilkår for barn og unge
- Bulyst og lokale trivselstiltak
- Folkehelse og humanitære tiltak
- Miljø og berekraft
- Utdanning og forskning
- Overordna næringsutvikling

Sparebankstiftinga ønskjer òg å bidra til at meir midlar vert fordelt til vår del av landet. Difor er stiftinga oppteken av å gå inn i gode «spleiselag» saman med både andre gode krefter og offentlege støtteordningar, slik at Sogn og Fjordane får mest mogleg ut av gåvemidlane Sparebankstiftinga har til rådvelde. Dette har vi lukkast godt med, og våre forsiktige anslag syner at stiftinga sine gåveutdelingar ordinært utløyser om lag 200 millionar kroner i andre gåver/tilskot pr. år. Midlar stiftinga typisk er med å utløyser er spelemidlar, forskningsrådet, kulturdepartementet, kommunale og fylkeskommunale tilskot.





Fig. 5: «Spleiselaget»: Slik kan ein typisk finansieringsmodell sjå ut for eit prosjekt/ tiltak stiftinga bidreg til. Bidragsytarar og storleiken på dei ulike bidraga vil naturleg nok variere.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A



## KORLEIS GÅVENE VERT TILDELT

Størstedelen av stiftinga sine midlar vert delte ut etter søknad. Alle søknadar vert registrert elektronisk på [www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no), for å sikre ei profesjonell og kostnadseffektiv handsaming.

Stiftinga har to søknadsfristar i året: 1. mars og 1. september. Handsamingstida er 8 veker. I tillegg er det mogeleg å søkje om «litt midlar raskt» gjennom «forenkla ordning». Her kan ein søkje om inntil 30.000 kroner, når som helst, og få svar i løpet av ein måned.

Alle søknadar til stiftinga vert handsama fortruleg. Avslag vert ikkje annonsert, men alle tildelingar vert publisert i våre gåveoversikter (sjå detaljert gåveliste i vedlegg til årsrapport og på [www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no)).

For å sikre ei kompetent og upartisk handsaming spør stiftinga gåvenemnder utnemnt av banken om råd, medan avgjerd i alle saker vert fatta av styret i Sparebankstiftinga. Styret vert valt av Generalforsamlinga, som igjen vert valt av og blant Sparebanken Sogn og Fjordane sine innskotskundar.

## Miljø og berekraft

Stiftinga har vedtatt ein bærekraftstrategi og har i dette arbeidet tatt utgangspunkt i FN sine berekraftsmål. Måla der Sparebankstiftinga kan ha størst påverking har prioritet. Stiftinga har i strategiperioden valt å konsentrere seg om følgjande berekraftsmål:



Berekraftsmål er viktige når gåvesøknader blir vurdert og når stiftinga sjølv tek initiativ til gåveprosjekt.

Stiftinga har i gåvesøknadsskjema lagt til rett for at lag og organisasjonar kan lage ein eigen berekraftsstrategi. I systemet ligg det ein mal som frivillig sektor kan nytte seg av. Stiftinga ønskjer fleire initiativ og søknader innan miljø og berekraft, og har konstruktiv dialog med fleire lag og organisasjonar. Fleire tiltak er under planlegging og målet er å få sett i verk nye prosjekt innan miljø og berekraft i 2024.

Stiftinga vurderer at ein har størst påverknad innan miljø og berekraft gjennom arbeidet med gåvetildelingar og samfunnsengasjement i Sogn og Fjordane. Innan kapitalforvaltninga har stiftinga til grunn tydelege retningslinjer for ansvarlege investeringar. Stiftinga legg til grunn at god avkastning over tid er avhengig av ei bærekraftig utvikling i økonomisk, miljømessig og samfunnsmessig forstand.


Sentralt i ansvarlege investeringar er miljø, sosiale forhold og god eigarstyring (ESG). Stiftinga sine investeringar skal minimum oppfylle retningslinjene som til ein kvar tid gjeld for Statens Pensjonsfond Norge (Folketrygdfondet) og Statens Pensjonsfond Utland når det gjeld ansvarlege investeringar, herunder eksklusjon av selskap. Desse retningslinjene ligg til grunn når Stiftinga skal velje forvaltar og fond.

Som stor eigar i banken har stiftinga også eit engasjement og ansvar for at banken arbeider målretta med miljø og berekraft. Stiftinga har jamleg dialog med banken om dette og stiftinga er tilfreds med banken si utvikling og initiativ som banken tek. Utfyllande informasjon om banken sitt arbeid innan miljø og berekraft ligg på banken si heimeside.



Sporebankstiftinga Sogn og Fjordane vart i 2020 godkjent som Miljøfyrtårn og gjennomførte resertifisering i desember 2023. Stiftinga har òg vedteke ein berekraftsstrategi som fordrar at stiftinga opprettheld og aukar si sterke satsing på miljø og berekraft i åra framover.

Sporebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

# Styret si oppsummering av 2023

## Innleiing

Sparebankstiftinga har sidan etableringa i 2010 hatt god vekst, både i løyvde gåvemidlar og kapital som er til forvaltning. Finansporteføljen i stiftinga har dei seinare åra auka kraftig. Gåvetildelingane er også blitt vesentleg større dei siste åra og i 2023 vart det ny rekordtildeling med 56,4 millionar kroner. Stiftinga sitt formål er å vidareføre sparebanktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å vere ein stor og langsiktig eigar i Sparebanken Sogn og Fjordane og gje gåver til allmennyttige formål. Stiftinga skal ved utdeling av gåver først og fremst ta omsyn til dei distrikta som har bygt opp kapitalen i sparebanken. For å understøtte desse formåla skal stiftinga syte for forsvarleg kapitalforvaltning.

«Drivkraft for Sogn og Fjordane» er stiftinga sin visjon. Gåvemidlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal bidra til mangfald, trivsel og utvikling i heile Sogn og Fjordane. Stiftinga ønskjer å støtte den frivillige og ofte dugnadsbaserte innsatsen i lokalsamfunna og prioriterer prosjekt retta mot barn og unge, samt tiltak som bidrar til utvikling, bulyst og trivsel. I tillegg støttar stiftinga tiltak innan overordna næringsutvikling, forskning, utdanning, helse og humanitære formål. I tillegg er miljø og berekraft eit prioritert område og stiftinga ser eit stort behov for å bidra meir innan miljø og berekraft framover.

Sidan starten i 2011 har stiftinga tildelt om lag 300 millionar kroner i gåver til allmennyttige formål i Sogn og Fjordane.

## Hovudtrekk for 2023

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har eit resultat på kr 211 738 623

- Auka utbytte frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Banken held fram med å leverer stabile resultat også ei tid med høg usikkerheit. Stiftinga har arbeidd aktivt med å følgje opp eigarrolla i banken, mellom anna med fleire dialogmøte med leiinga og styret i banken. I første halvår i 2023 vedtok styret i stiftinga ein ny eigarstrategi.
- Gåvetildelingane har auka med 16 millionar kroner samanlikna frå året før, til totalt over 56 millionar kroner. Dette er ei rekordhøg årleg tildeling frå stiftinga. Stiftinga opplever at aktiviteten i frivillig sektor er god.
- I finansmarknaden vart det eit godt år. Både i aksjemarknaden og i rentemarknaden var det positiv utvikling i 2023. Best utvikling var det innan globale aksjar med ein verdiauke på heile

24,35 %. Også innan obligasjonsmarknaden og likviditet (pengemarknad og bank) vart 2023 eit tilfredsstillande år med ei avkastning i intervallet 4-6 %. Stiftinga fekk ei samla finansavkastning på 8,4 %.

- Stiftinga vart resertifisert som miljøfyrtårn i 2023.


## Gåvetildelingar

Gåvetildelingar er det hovudformålet som det er knytt størst aktivitet til i stiftinga. Styret er godt nøgd med arbeidet som er gjort innan samfunnsengasjement og gåvetildeling. Mange viktige tiltak og prosjekt i Sogn og Fjordane er tildelt midlar også i 2023. Dette er det første året sidan 2020 der pandemien og tilhøyrande restriksjonar ikkje har påverka frivillig sektor. Den største enkelttildelinga var til Høgskulen på Vestlandet som fekk 7,5 millionar kroner til etablering av robotikksenter ved Campus i Førde.

Strategien med å utvikle gåveinstituttet og rammene for gåvetildeling har gitt stiftinga høve til å utvikle god kunnskap og gode rutinar for gåvetildelingane. Stiftinga er i sitt arbeid oppteken av å få god samfunnsnytte av gåvene som blir løyvde. Det er også innarbeidd rutine i søknadskjemataet der søkjar må vurdere kva effekt tiltaket har for miljø og berekraft. Søkjar får i søknadssystemet i tillegg ei rettleiing til å utarbeide strategi og tiltaksplan for miljø og berekraft for organisasjonen, dersom ein ønskjer det. Stiftinga ønskjer med dette å vere ein pådrivar for å styrkje bevisstgjeringa og kunnskapen innan berekraft i frivillig sektor.

Det blir tildelt gåver til samfunnsnyttige tiltak til dømes innan; barne- og ungdomsaktivitetar, fysisk aktivitet, kultur, næringsutvikling og forskning/utdanning. I 2023 vart det tildelt gåver for over 56 millionar kroner, noko som er ei rekordhøg tildeling frå stiftinga.

I 2023 tilsette stiftinga ny leiar for gåver og samfunnskontakt. Yngve Thorsen byrja i jobben 1. oktober og han erstatta Pål Fidjestøl.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

## Langsiktig og stabilt eigarskap

Stiftinga vart oppretta i 2010 i samband med fusjonen mellom Sparebanken Sogn og Fjordane og Fjaler Sparebank. Som eit resultat av fusjonen vart også Sparebankstiftinga Fjaler etablert. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig 93 % av eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane. Eit viktig hovudformål for stiftinga er å vere ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Sogn og Fjordane. Målet med eigarskapen er å oppnå ei konkurransedyktig avkastning og bidra til banken si vidare utvikling. Stiftinga har vedtektsfesta at ein skal eige meir enn 2/3 av eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane.

Det har ikkje skjedd vesentlege endringar i eigarforholda i banken gjennom året. Stiftinga gjennomførte eit mindre sal av eigenkapitalbevis til Sparebanken Sogn og Fjordane, for vidare sal til tilsette i andre kvartal.

Styret er godt kjent med at ein svært høg eigardel, kombinert med at banken ikkje er børsnotert, medfører at stiftinga har høg konsentrasjonsrisiko. Stiftinga har fått vesentleg auka likviditet i 2023, noko som gir stiftinga betre beredskapssevne til delta i framtidig kapitalutviding i banken.

Styret i stiftinga har i 2023 utarbeidd ein tydeleg og grundig eigarstrategi som skildrar korleis stiftinga vil opptre som eigar og kva forventningar stiftinga har til banken.

Styret er godt fornøgd med resultatutviklinga i banken dei siste åra og Sparebanken Sogn og Fjordane leverer resultat som er på høgde med samanliknbare bankar. Banken har hatt god vekst og resultatutvikling over fleire år. Banken har god kapitaldekning, noko som gjer at stiftinga forventar auka utbyttegrad framover.

## Forsvarleg kapitalforvaltning

Både lovverk og vedtekter krev at stiftinga forvaltar kapitalen på ein forsvarleg og formålstenleg måte. Styret i stiftinga har vedteke og implementert både strategi for kapitalforvaltning og plasseringsreglement. Styret har høg merksemd på å opparbeide beredskapskapital, slik at stiftinga har evne til å stille opp den dagen banken har behov for meir eigenkapital.

Stiftinga er i ferd med å nå målet om å ha ei beredskapsportefølje på 750 millionar kroner. Beredskapsporteføljen skal gje stiftinga grunnlag til å delta i framtidige kapitalutvidingar i banken og sikre 3 års drift og gåvetildelingar i stiftinga. Styret har difor i 2023 starta arbeidet med å utarbeide ein plan for korleis likviditet utover behovet i beredskapsporteføljen skal forvaltast.

Beredskapsporteføljen var ved utgangen av 2023 på 700 millionar kroner. Allokeringsmål for porteføljen i 2023 har vore 30 % i aksjefond og 35 % i rentefond og 35 % i likviditet (pengemarknad/bank). Stiftinga har i hovudsak ei indeksnær og passiv forvaltning av kapitalen. Porteføljen er fordelt på norske og globale fond både når det gjeld aksjar og obligasjonar. Obligasjonsfonda er klassifisert som Investment Grade og globale obligasjonsfond er valutasikra.

2023 vart eit godt år i finansmarknaden med positiv utvikling i både aksje- og rentemarknaden. Samla avkastning på verdipapirporteføljen (inkl. bankinnskott) var på ca. 8,4 % i 2023.

Med omsyn til risikoprofil, porteføljesamansetning og gjeldande marknadstilhøve, er styret godt fornøgd med forvaltninga og avkastninga i 2023.


## Vidareutvikling av rammeverk, retningslinjer og rutinar

Styret reviderer jamleg styringsdokumentet. Retningslinjer for internkontroll gjev rammer for stiftinga sin samla risiko og korleis risikoar stiftinga er eksponert for skal styrast og kontrollerast. Dagleg leiar gjennomfører årleg ei risikoanalyse, risikovurdering og tilrår eventuelle tiltak. Internkontrollen blir lagt fram for styret, og status skal rapporterast regelmessig til styret.

Søknadsportalen er vidareutvikla, for å sikre at det skal vere enkelt å vere søker, og for at søknadane har god kvalitet og tilstrekkeleg informasjon. Portalen blir avstemt mot rekneskapssystemet og har automatiserte varslingsrutinar, som skal sikre ein effektiv og informativ gåveprosess.

I 2023 har stiftinga fått gjennomført ei ekstern vurdering av sentrale rutinar av PwC. Styret si vurdering, etter gjennomgangen, er at stiftinga har gode rutinar, men at det er rom for mindre forbetringar som stiftinga vil implementere i 2024.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BDBFB13C4A

## Finansiell risiko

Stiftinga har finansiell risiko både når det gjeld eigarrolla i Sparebanken Sogn og Fjordane og kapital som er til forvaltning.

Stiftinga sin største risiko er knytt til eigarskapen i Sparebanken Sogn og Fjordane. Stiftinga har høg konsentrasjonsrisiko som følgje av at stiftinga eig 93 % av eigenkapitalbevisa i banken. I eigarskapsrolla er det også ein likviditetsrisiko, sidan banken ikkje er børsnotert. Eigarskapen er eit av dei viktigaste formåla til stiftinga, og det er vedtektsfesta at stiftinga skal eige minimum 2/3 av eigenkapitalbevisa i banken.

Plan for kapitalforvaltninga er stiftinga sine overordna retningslinjer for forvaltninga av stiftingane sine midlar, ut over eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane. I denne strategien er det definert strategiske mål, avkastningsmål og risiko. I tillegg definerer strategien aktive klassar, allokeringsrammer og rapportering og oppfølging. Stiftinga opererer i hovudsak med ei indeksnær og passiv finansforvaltning.

Styret skal sjå etter at stiftinga sin kapital blir forvalta i tråd med formål og vedtekter. Styret handsamar og reviderer plan for kapitalforvaltning årleg.

## Styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt øvste organ og har 12 medlemmar og 4 varamedlemmar. Generalforsamlinga i 2023 består av 6 kvinner og 6 menn. Leiar av generalforsamlinga er Åge Avedal. Medlemmane blir valde blant innskotskundane i Sparebanken Sogn og Fjordane, og blir valde for 4 år.

Styret i stiftinga består av 5 personar, 3 kvinner og 2 menn. Styret har hatt 10 styremøte i 2023. Leiar i styret er Vegard Strand. Stiftinga har ikkje teikna ansvarsforsikring for styret og dagleg leiar.

Styrande organ er nærare gjort greie for i eigen artikkel i årsrapporten og på [www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no)

## Administrasjon og HMS

Sparebankstiftinga har kontor i Førde. Administrasjon består av direktør Hallvard Klakegg og leiar for gåver og samfunn Yngve Thorsen. I tillegg er Ole-Kristian Apneseth tilsett i deltidsstilling gjennom studentjobbprosjektet. Stiftinga har også leigd inn administrative ressursar innan kommunikasjon og kapitalforvaltning gjennom året.

Styret vurderer arbeidsmiljøet i organisasjonen som godt, og har ikkje iverksett spesielle arbeidsmiljøtiltak. Det er ikkje registrert skader eller ulukker i verksemda.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023

## Ytre miljø

Etter styret si vurdering er verksemda til stiftinga av ein slik karakter at den i liten grad forureinar det ytre miljøet. Stiftinga er sertifisert som Miljøfyrtårn. Stiftinga sine utslipp er primært knytt til drift av kontoret, transport ved reiser og kjøp av varer og tenester. Stiftinga har berekraft som eit av sine vurderingskriterium ved gåvetildelingar. Som eigar er stiftinga også oppteken av miljø og berekraftsarbeidet i banken og stiftinga er fornøgd med tiltak og utviklingsplanar banken har på dette området.

## Balanse

Stiftinga sin forvaltningskapital er ved årsskiftet på 2 564 387 068 kroner. Eigedelane i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane består i hovudsak av:

- Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane, bokført verdi på kr 1 820 484 480
- Finansielle investeringar, bokført verdi på kr 495 290 771
- Bankinnskott kr 248 525 349

## Resultat og disponering av overskot

Hovudinntektene i rekneskapsåret 2023 er utbytte frå Sparebanken Sogn og Fjordane på kr 218 045 232.



Driftskostnadane for 2023 utgjør kr 6 311 267 og er fordelt på kr 2 989 694 i aktivitetskostnader (dvs. kostnader knytt til formålsrealisering) og kr 3 321 573 i administrasjonskostnader. Det er kostnadsført gåver for kr 55 787 400. Årsresultatet er på kr 211 738 623.

Overskotet frå 2023 blir foreslått disponert slik: Avsetning til Anna formålskapital: kr 211 738 623.

## Framtidsutsikter

Stiftinga baserer aktiviteten sin i mindre grad på overordna makroøkonomiske forventningar. Verksemda er først og fremst knytt til utbytte frå eigarskapen i Sparebanken Sogn og Fjordane, samt avkastninga på andre finansielle investeringar. Banken har god resultatutvikling og god kjernekapitaldekning, noko som talar for gode og stabile utbytteutbetalingar også framover. Styret forventar difor at stiftinga kan vidareføre ordinær aktivitet innanfor sine formål.

Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapsåret. Den framlagde rekneskapsåret gir ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFFB13C4A




# Aktivitetsbasert resultatrekneskap

TAL TUSEN KRONER

	Note	2023	2022
<b>ERVERVA MIDLAR</b>			
Utbytte	1,2	218 045	164 070
Vinst sal egenkapitalbevis SSF	1,2	6 215	8 755
Vinst / tap sal anna finansielle instrument		3 914	5 639
Verdiendring av finansielle instrument	3	31 101	- 23 047
Renteinntekter	2,3	14 802	5 858
<b>Sum inntekter på erverva midlar</b>		<b>274 077</b>	<b>161 276</b>
<b>FORBRUKTE MIDLAR</b>			
Løyvde gåver og gåvebortfall	4	55 787	39 564
Aktivitetskostnader	2,5,6,7,8	2 990	2 935
Administrasjonskostnader	2,5,6,7,8	3 322	2 585
Andre finansinntekter og kostnader		239	317
<b>Sum kostnader / forbrukte midlar</b>		<b>62 338</b>	<b>45 401</b>
<b>AKTIVITETSRESULTAT</b>		<b>211 739</b>	<b>115 875</b>
Overført anna formålskapital		211 739	115 875
<b>Sum overføringar</b>		<b>211 739</b>	<b>115 875</b>

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A



# Aktivitetsbasert balanse

TAL TUSEN KRONER

EIGEDLAR			31.12.2023	31.12.2022
<b>Anleggsmidler</b>	Note			
Formålsinvesteringar, eigenkapitalbevis SSF	1		1 820 484	1 827 107
<b>Sum anleggsmidler</b>			<b>1 820 484</b>	<b>1 827 107</b>
<b>Omløpsmidlar</b>				
Kortsiktig fordringar og forskotsbetalte kostnader			86	31
Finansielle investeringar	3		495 291	363 851
Bankinnskot	9		248 525	144 636
<b>Sum omløpsmidlar</b>			<b>743 903</b>	<b>508 518</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>			<b>2 564 387</b>	<b>2 335 625</b>
<b>FORMÅLSKAPITAL OG GJELD</b>				
<b>Formålskapital</b>				
Grunnkapital	10		1 408 500	1 408 500
Gåvefond	10		50 000	50 000
Anna formålskapital	10		1 061 325	849 586
<b>Sum formålskapital</b>			<b>2 519 825</b>	<b>2 308 086</b>
<b>GJELD</b>				
Pensjonsforpliktingar	7		867	1 209
<b>Sum avseting for forpliktingar</b>			<b>867</b>	<b>1 209</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>				
Skuldige offentleg avgifter			302	192
Leverandørgjeld	2		207	75
Løyvde gåver	4		42 737	25 637
Anna kortsiktig gjeld			450	426
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>			<b>43 696</b>	<b>26 330</b>
<b>Sum gjeld</b>			<b>44 562</b>	<b>27 539</b>
<b>SUM FORMÅLSKAPITAL OG GJELD</b>			<b>2 564 387</b>	<b>2 335 625</b>

Førde 13. mars 2024  
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Vegard Tore Strand  
styreleiar

Anne-Mari Sundal Bøe  
nestleiar

Silje Skaar Sunde  
styremedlem


Kjersti Røysum Petty  
styremedlem

Leidulf Gloppestad  
styremedlem

Hallvard Klakegg  
direktør

(Signert elektronisk)

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A




# Kontantstrømoppstilling

TAL TUSEN KRONER

	2023	2022
<b>Kontantstrømmer frå operasjonelle aktivitetar</b>		
Aktivitetsresultat	211 739	115 875
Ordinære avskrivningar	0	35
Endring i leverandørgjeld	132	35
Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar	- 343	228
Postar klassifiserte som investerings-/finansieringsaktivitetar	- 41 229	8 652
Endring i løyvde, ikkje utbetalte gåver	17 101	1 759
Endring i andre tidsavgrensingspostar	78	116
<b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>187 477</b>	<b>126 700</b>
<b>Kontantstrømmer frå investeringsaktivitetar</b>		
Innbetalningar ved sal av eigenkapitalbevis	12 837	16 498
Innbetalningar ved sal av finansielle investeringar	86 002	45 614
Utbetalningar ved kjøp av finansielle investeringar	- 182 427	- 134 243
<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>- 83 588</b>	<b>- 72 131</b>
<b>Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar</b>	<b>103 889</b>	<b>54 569</b>
Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved starten av perioden	144 636	90 067
<b>Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden</b>	<b>248 525</b>	<b>144 636</b>

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

## Notar

### Rekneskapsprinsipp

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart stifta 17. august 2010 og er lokalisert i Førde. Grunnkapitalen i stiftinga vart etablert 1. september 2010 i samband med at Sparebanken Sogn og Fjordane vart omdanna til eigenkapitalbevisbank. Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskaplova og NRS (F) God rekneskapskikk for ideelle organisasjonar.

Alle beløp i rekneskapen og notar er oppgitt i heile tusen kroner, dersom ikkje anna er oppgitt spesifikt.

### KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffing. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Formålsinvesteringar viser til investeringar som søker å oppfylle vedtekne formål i stiftinga. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Varige driftsmiddel er nedskrive til forventta realisasjonsverdi ved verdifall som er vurdert ikkje å vere forbigåande. Forventta realisasjonsbeløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdien av framtidige kontantstrumar knytt til eigedelen. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Finansielle investeringar gjeld plasseringar i obligasjons- og aksjefond der underliggende verdier er marknadskursar. Fonda blir klassifisert som omløpsmiddel og vurdert enkeltvis til verkeleg verdi på balansedagen. Urealiserte vinstar og tap blir resultatført netto på rekneskapslinja «Verdiendring av finansielle instrument».

Formålsinvesteringar gjeld ei langsiktig plassering i Sparebanken Sogn og Fjordane. Denne vurderast for nedskriving på lik linje med varige driftsmiddel, og vil skrivast ned til verkeleg verdi, om det er indikasjonar på verdifall som er vurdert å ikkje vere forbigåande.

### GÅVEFOND

Gåvefond er formålskapital med sjølvpålagde restriksjonar, og er midlar som er avsett til gaver og drift av stiftinga.

### ANNAN FORMÅLSKAPITAL

Formålskapital som ikkje er underlagt restriksjonar er annan formålskapital.

### LØYVDE GÅVER

Generalforsamlinga vedtek ramme for gåveutdeling, medan styret forvaltar dei disponible midlane frå generalforsamlinga. Gåver tildelt frå styret, blir kostnadsført på innvilgningstidspunktet, uavhengig av om utbetalinga har skjedd eller ikkje. Dersom det er vilkår knytt til bevilginga vil den bli kostnadsført, dersom det er sannsynlighetsovervekt for at vilkåra blir oppfylt og utbetalinga vil skje. Styre kan løyve gåver for kommande år med forutsetning om at generalforsamlinga løyver tilstrekkeleg gåvemidlar, i disse tilfella blir gåvene kostnadsført når generalforsamlinga løyver midlar for det aktuelle året. Bortfall av løyvde gåver blir ført som negative kostnader på same måte som kostnaden opprinneleg blei kostnadsført. I balansen blir dei tildelte gåvene avsett som kortsiktig gjeld «Løyvde gåver» og redusert i takt med utbetalinga.

### INNETKTSFØRING FRÅ FINANSIELLE INSTRUMENT

Inntekter frå finansielle instrument vert resultatført når det vesentlege av risiko og avkastning er overført. For utbytte inneber det normalt inntektsføring i utdelingsåret, med mindre det er ei betydeleg sannsynlighetsovervekt for slik utdeling på balansedagen 31.12. Inntektsføring kan i dei tilfella skje i avsetningsåret.

### SAMANSTILLING AV KOSTNADER

Kostnader blir fordelt mellom aktivitet- og administrasjonsutgifter etter forbruk. Forbruk av midlar vert periodisert etterkvart som aktivitetane er gjennomført.

### PENSJON

#### 1. Innskotsbaserte ordningar

Stiftinga har innskotsbasert pensjonsordning. Innskotsbaserte pensjonsordningar inneber at stiftinga ikkje gir løfte om framtidig pensjon på eit fast nivå, men betalar eit årleg innskot til ei kollektiv pensjonsordning. Den framtidige pensjonen vil avhenge av storleiken på innskotet og den årlege avkastninga på pensjonsparinga. Stiftinga har ikkje noko ansvar for dette utover å innbetale det årlege innskotet.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDDBF13C4A

## 2. Kompensasjonspensjon

For dei tilsette som hadde ytingsbasert pensjonsordning ved avviking av denne i 2016, er det inngått avtale om kompensasjon for redusert pensjon. Denne forpliktinga er berekna for den enkelte tilsette og oppteninga pr. 31.12 er ført som pensjonsforplikting i balansen.

## 3. Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har ei AFP-ordning. Rekneskapsmessig er ordninga vurdert som ei ytingsbasert fleirføretaksordning. Den nye AFP-ordninga er finansiert gjennom premieinnbetalingar og er innrekna i rekneskapen som ei innskotsordning, fordi pensjonsansvaret ikkje kan målast påliteleg. Det er følgjeleg ikkje sett av noko i balansen for ordninga.

## SKATT

Stiftinga har ikkje erverv som formål, og er ikkje skattepliktig jf. Skattelova sine reglar om skattefrie institusjonar.

## DISPONERING AV RESULTAT

Det blir overført til/frå gåvefond inntil mål om gåve og driftsreserve på 50 mill. kr er oppfylt. Det øvrige blir overført til /frå annan formålskapital.

## Note 1 Formålsinvesteringar, eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane

Stiftinga har slik eigardel i Sparebanken Sogn og Fjordane, med forretningskontor i Førde:

TAL	HE LE KR	Eigar andel	Eigarandelskapital stemmerett*	Tal eigenkapitalbevis	Pålydande	Kostpris
Sparebanken Sogn og Fjordane		93,00 %	40 %	18 119 496	100	1 820 484 480

\* I følgje vedtektene til Sparebanken Sogn og Fjordane er det fastsett at eigarandelskapitalen maksimalt kan ha 40 % stemmerett i generalforsamlinga. Det er derfor ikkje aktuelt å utarbeide konsernrekneskap.

Endring i behaldning eigenkapitalbevis frå 2022 til 2023 gjeld nedsal til SSF av 50 940 eigenkapitalbevis.

Eigenkapitalbevisa, som stiftinga eig i Sparebanken Sogn og Fjordane er bokført som anleggsmiddel ut frå at dei er bestemt til varig eige. I mangel på børsnotering av eigenkapitalbevisa er verdien vurdert ut frå tilgjengeleg informasjon basert på rekneskapstal. Ut frå gjennomført verdivurdering av banken sin marknadsverdi er konklusjonen at nedskrivning ikkje er aktuelt pr. 31.12.23 og at verdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane blir sett lik anskaffelseskost.

## Nøkkeltal frå Sparebanken Sogn og Fjordane kvartalsrapport 4. kvartal 2023 (konsern, ikkje revidert):

TAL I MILLION KRONER	2023	2022
<b>Resultatrekneskap:</b>		
Totalresultat	<b>847</b>	<b>602</b>
<b>Balanse</b>		
Eigenkapitalbevis	1 948	1 948
Overkurs	16	16
Utjæmningsfond	2 982	2 689
Eigne EK-bevis	- 3	- 3
<b>Sum eigarandelskapital</b>	<b>4 943</b>	<b>4 650</b>
Grunnfond	798	700
<b>Sum grunnfondskapital</b>	<b>798</b>	<b>700</b>
Fond for urealiserte vinstar	476	569
Annan eigenkapital	142	127
Hybridkapital	450	350
Avsett til utbytte og gåver	507	248
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>7 316</b>	<b>6 645</b>



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDDB13C4A



## Note 2 Transaksjoner og mellomværende med nærstående partar/tilknyttta selskap

Nærstående part/tilknyttta selskap	Tilknytning Egenkapital-bevis eigar	Eigarandøel	Eigarandøelskapital stemmerett*
Sparebanken Sogn og Fjordane		93,00 %	40 %

### Transaksjonar med Sparebanken Sogn og Fjordane

Alle transaksjonar er føretatt som del av den ordinære verksemda og til marknadsprisar forhandla fram mellom partane. Dei mest vesentlege transaksjonane er:

	2023	2022
Utbytte frå SSF	218 045	164 070
Sal eigenkapitalbevis SSF	12 837	16 498
Renteinntekter	7 078	2 622
Kjøp administrative tenester	322	249
Leige kontorlokale	202	191

Balansen inkluderar desse transaksjonane med Sparebanken Sogn og Fjordane

	2023	2022
Bankinnskot	154 619	104 029
Leverandørgjeld	165	16

## Note 3 Finansielle investeringar

### Pr. 31.12.23 har stiftinga følgjande investeringar

	Kostpris	Marknads- veroi 31.12.23	Resultat- ført veroi- enoring 2023	Balanse- ført veroi- enoring 31.12.23	Bokført veroi 31.12.23	inntekts- ført utbytte 2023
Globale aksjefond	64 906	83 324	14 678	18 418	83 324	0
Nordisk aksjefond	55 567	64 923	4 779	9 356	64 923	0
Globale obligasjonsfond	117 959	111 158	5 173	- 6 801	111 158	0
Nordisk obligasjonsfond	131 939	134 154	4 838	2 215	134 154	982
Pengmarknadsfond	100 827	101 733	1 209	906	101 733	3 442
Resultatført verdiendring sal fond	0	0	425	0	0	0
<b>Sum aksje- og obligasjonsfond</b>	<b>471 196</b>	<b>495 291</b>	<b>31 101</b>	<b>24 094</b>	<b>495 291</b>	<b>4 425</b>

### Pr. 31.12.22 hadde stiftinga følgjande investeringar

	Kostpris	Marknads- veroi 31.12.22	Omarbeidd Resultat- ført veroi- enoring 2022	Balanse- ført veroi- enoring 31.12.22	Omarbeidd Bokført veroi 31.12.22	inntekts- ført utbytte 2022
Globale aksjefond	63 906	67 730	- 2 992	3 824	67 730	0
Norske aksjefond	64 069	68 484	- 1 268	4 415	68 484	0
Globale obligasjonsfond	80 023	68 049	- 9 265	- 11 974	68 049	0
Norske obligasjonsfond	85 475	82 506	- 2 724	- 2 969	82 506	1 069
Pengmarknadsfond	77 384	77 082	- 270	- 303	77 082	1 437
Resultatført verdiendring sal fond	0	0	- 6 526	0	0	0
<b>Sum aksje- og obligasjonsfond</b>	<b>370 858</b>	<b>363 851</b>	<b>- 23 047</b>	<b>- 7 006</b>	<b>363 851</b>	<b>2 506</b>



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BDBF13C4A



## Note 4 Løyvde gåvemidlar

	2023	2022
Løyvde gåver, tildelt	56 414	40 597
Fråfall av gåver, tidlegare løyvde	- 627	- 1 032
<b>Løyvde gåver</b>	<b>55 787</b>	<b>39 564</b>
Løyvde, ikkje utbetalte gåver 01.01	25 637	23 877
Løyvde gåver, tildelt	55 787	39 564
Utbetalte gåver	- 38 687	- 37 805
<b>Løyvde, ikkje utbetalte gåver 31.12</b>	<b>42 737</b>	<b>25 637</b>

## Note 5 Driftskostnader

	2023	2022
<b>Driftskostnader etter aktivitet</b>		
<b>Aktivitetskostnader</b>		
Aktivitets- og arrangementskostnader	447	617
Lønnskostnader	1 904	1 764
Avskrivning på immaterielle eigedelar	0	35
Andre konsulent- og bistandtenester	63	1
Kontorkostnader	403	327
Andre driftskostnader	173	192
<b>Sum aktivitetskostnader</b>	<b>2 990</b>	<b>2 935</b>
<b>Administrasjonskostnader</b>		
Løn- og honorarkostnader	1 902	1 760
Konsulent- og bistandtenester frå SSF	322	249
Andre konsulent- og bistandtenester	122	18
Kontorkostnader	256	116
Andre driftskostnader	720	442
<b>Sum administrasjonskostnader</b>	<b>3 322</b>	<b>2 585</b>
<b>Sum driftskostnader etter aktivitet</b>	<b>6 311</b>	<b>5 520</b>

Stiftinga sine vedtektsfesta formål er å vere ein langsiktig eigar av Sparebanken Sogn og Fjordane, forvalte stiftinga sine verdiar på ein god måte og dele ut gåver til allmennyttige formål. Ut frå dette er kostnader knytt til utøving av eigarskap, omdømmebygging og forvaltning av stiftinga sine eigedeler definert som formålsaktiviteter, i tillegg til gåver til allmennyttige formål. Kostnader knytt til styring, kontroll og eigenutvikling er administrasjonskostnader. Felleskostnader som gjeld både aktivitet- og administrasjonskostnader er fordelt etter forbrukt tid eller mengde.

	2023	2022
<b>Driftskostnader etter art</b>		
Løn, honorar og andre personalkostnader	3 805	3 525
Andre driftskostnader	2 506	1 996
<b>Sum driftskostnader etter art</b>	<b>6 311</b>	<b>5 520</b>



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

## Note 6 Lønnskostnader, godtgjersle, tal tilsette

Lønnskostnader	2023	2022
Løn og honorarkostnader	2 963	2 750
Pensjonskostnader	379	443
Arbeidsgjevaravgift	430	317
Anna	33	15
<b>Sum</b>	<b>3 805</b>	<b>3 525</b>
Tal årsverk	2,3	2,1
Tal tilsette pr. 31.12.	5	3

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styre	General-forsamling
Løn	1 289	641	107
Naturalytingar	11	0	0
Pensjonskostnader	273	0	0
<b>Sum</b>	<b>1 572</b>	<b>641</b>	<b>107</b>

Leiande tilsette har ikkje avtale om bonus eller aksjebasert avlønning. Det er ikkje ytt lån til medlemmer av styret eller tilsette.

Godtgjersle til revisor	2023	2022
Revisjon	108	104
Andre ytingar	0	0
<b>Sum godtgjersle inkl. mva</b>	<b>108</b>	<b>104</b>

## Note 7 Pensjonskostnader og -forpliktingar

### GENERELT

Stiftinga er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjonsforsikring. Stiftinga har pensjonsordning som tilfredsstiller krava i denne lova. Stiftinga har følgjande pensjonsordningar:

#### 1. Innskotspensjon

Stiftinga har innskotspensjonsordning. Innskotspensjonsordninga inneber at stiftinga innbetalar premie til ei innskotspensjonsordning i eit forsikringsselskap. I 2023 utgjer innbetalinga 7 % av ordinær lønn opp til 7,1 G og 15 % av ordinær lønn mellom 7,1 og 12 G. Dei tilsette kan sjølv velje når dei vil ta ut innskotspensjon, men tidlegast frå fylte 62 år og seinast ved fylte 75 år. Normal utbetalingstid er 10 år. Innbetalt pensjonskapital og tilhøyrande avkastning, med frådrag av administrasjonskostnader, er den enkelte tilsette sin eigedom og ordninga kan arvast, dersom den tilsette skulle falle frå før pensjonsmidlane er utbetalt. Innskotspensjonsordninga er ikkje balanseført.

#### 2. Kompensasjonspensjon

For dei tilsette som hadde yttingsbasert pensjonsordning ved avslutning av denne 01.06.2016 og som fekk lågare pensjon ved overgang til innskotspensjon, er det inngått ein avtale om kompensasjon for redusert forventet pensjon. Kompensasjonspensjonen er usikra. Forpliktinga er utrekna for den enkelte ut frå kva som er opptent pr. 31.12 og er ført som pensjonsforplikting i balansen.

#### 3. Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har ei AFP-ordning. Rekneskapsmessig er ordninga vurdert som ei yttingsbasert fleirføretaksordning. AFP-ordninga blir finansiert gjennom premieinnbetalingar og er rekna inn i rekneskapsmessig som ei innskotsordning, fordi pensjonsansvaret ikkje kan identifiserast påliteleg. Det er følgjeleg ikkje føretatt avsetning i balansen for ordninga. AFP-ordninga inneber at tilsette kan slutte med AFP frå dei fyller 62 år. AFP-ordninga er basert på eit samarbeid av tre partar dvs. arbeidsgjevarorganisasjonar, arbeids-



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD4FB13C4A



## Note 7 Pensjonskostnader og -forpliktingar, framhald

takarorganisasjonar og staten. Staten dekkjer 1/3 av pensjonsutgiftene til AFP, medan tilslutta føretak dekkjer 2/3. Føretak som deltar i ordninga er solidarisk ansvarlege for 2/3 av pensjonen som skal betalast. Ansvaret gjeld både manglande innbetaling og dersom premiesatsen viser seg å vere utilstrekkeleg. Alle tilsette i stiftinga er med i ordninga. Ved uttak vil det bli rekna ut ein årleg pensjon på grunnlag av pensjonsgjevande inntekt opp til 7,1G frå fylte 13 år, til og med fylte 61 år. Ordninga er administrert av Fellesordninga for AFP, som også fastset og krev inn premie. I 2023 utgjorde premien 2,6 % av lønn mellom 1 G og 7,1 G.

### 4. Sum pensjonskostnad og forplikting

Pensjonskostnad inkl. arbeidsgjevaravgift	2023	2022
Innskotspensjon	227	201
Kompensasjonspensjon	144	228
Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)	34	38
<b>Sum</b>	<b>404</b>	<b>466</b>

Pensjonsforplikting inkl. arbeidsgjevaravgift	31.12.23	31.12.22
Kompensasjonspensjon	867	1 209
<b>Sum</b>	<b>867</b>	<b>1 209</b>

## Note 8 Immaterielle egedelar

	Programvare
Kostpris pr. 01.01.	429
Tilgang	0
Avgang	0
Samla avskrivningar	429
<b>Bokført verdi 31.12.</b>	<b>0</b>
Avskrivningar for året	0
Lineær avskrivning	3 år

## Note 9 Bankinnskot

	2023	2022
Bundne skattetrekksmidlar	203	121
Innskot med 31 dager oppseing	220 618	126 630
Innskot med 3 månader oppseing	15 935	15 250
Innskot utan binding	11 769	2 635
<b>Sum bankinnskot</b>	<b>248 525</b>	<b>144 636</b>

## Note 10 Formålskapital

	Grunnkapital	Gåvefondo *	Anna formålskapital	Sum formålskapital
<b>Formålskapital 01.01.2023</b>	<b>1 408 500</b>	<b>50 000</b>	<b>849 586</b>	<b>2 308 086</b>
Årsresultat			211 739	211 739
<b>Formålskapital 31.12.2023</b>	<b>1 408 500</b>	<b>50 000</b>	<b>1 061 325</b>	<b>2 519 825</b>

\* Gåvefond er formålskapital med sjølvpålagde restriksjonar, og er midlar som er avsett til gåver og drift av stiftinga.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD13C4A



## Deloitte.

Deloitte AS  
Strandavegen 15  
NO-6900 Florø  
Norway

+47 23 27 90 00  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane som er sammansett av aktivitetsbasert balanse per 31. desember 2023, aktivitetsbasert resultatrekneskap, kontantstraumoppstilling for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2023 og av resultatata og kontantstraumane for regnskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og leiinga er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BDBFB13C4A



## Deloitte.

side 2  
Melding frå uavhengig revisor  
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

### Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhaldet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.

### Fråsegn om andre lovmessige krav



Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, meiner vi at forvaltninga av stiftinga og utdelingane er i samsvar med lov og stiftinga sitt føremål og vedtekter.

Førde, 13. mars 2024  
Deloitte AS

**Hallgeir A. Bruvik**  
statsautorisert revisor

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane    ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A



# Sparebankstiftinga sine styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt øvste organ og har 12 medlemmer og 4 varamedlemmer. Samansettinga skal spegle kundestrukturen i Sparebanken Sogn og Fjordane som skipa stiftinga, og andre samfunns-messige interesser knytt til Sparebankstiftinga si verksemd. Medlemene blir valde for 4 år.

Den årlege ordinære generalforsamlinga fastset dei økonomiske rammene for gåvetildeling etter framlegg frå styret. I tillegg skal generalforsamlinga godkjenne stiftinga sitt årsoppgjer og føre tilsyn med stiftinga si verksemd, fastsette godtgjersle til styret, føreta val av revisor og fastsette revisor si godtgjersle.

Styret skal ha 3-8 medlemmer og 2 varamedlemmer. Styret skal sjå til at stiftinga sine midlar blir forvalta i samsvar med stiftinga sine formål og at verksemda er i samsvar med gjeldande lover, reglar og vedtekter. Styret skal også syte for utdelinga av gåver innanfor dei rammer som generalforsamlinga har bestemt.

## Generalforsamling:

### MEDLEMER

Åge Avedal, Førde (leiar)  
Kristin Svardal (nestleiar)  
Linda Hovland, Dale  
Laila Johannessen, Hyllestad  
Roger Aa Djupvik, Sandane  
Monika Refvik, Vågsøy  
Gro Rukan, Eikefjord  
Daniel Kvernøy, Eivindvik  
Geir Støfring, Jølster  
Nils Magne Slinde, Leikanger  
Siv Merete Stadheim, Florø  
Thomas Norheim Moen, Årdalstangen

### VARAMEDLEMER

1. John Gerick Bårøy, Hyllestad
2. Anne Skår, Sogndal
3. Malen Lunde Sætren, Bryggja
4. Thea Flo, Oppstryn

## Styret:

### MEDLEMER


Vegard Strand, Fjaler (styreleiar)  
Anne-Mari Sundal Bøe, Florø (nestleiar)  
Leidulf Glippestad, Gloppen  
Kjersti Røysum Petty, Sogndal  
Silje Skaar Sunde, Førde

### VARAMEDLEMER

1. Hans Gunnar Hagelin, Sogndal
2. Anita Nordheim, Høyanger

## Administrasjon:

Direktør Hallvard Klakegg  
Leiar gåve og samfunnskontakt Yngve Thorsen  
IT-konsulent Ole-Kristian Apneseth



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

# Styring og kontroll med stiftinga si verksemd

## Strategi, rutinar og kontroll

Som langsiktig og dominerande eigar i Sparebanken Sogn og Fjordane forvaltar Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane store verdiar. Gjennom denne eigarrolla og ansvaret for utdeling av gåver til allmennyttige formål har stiftinga eit stort samfunnsansvar. For å sikre eit godt omdømme har styret vedtatt styringsprinsipp som skal gi samfunnet, styresmakter og styrande organ trygghet for at stiftinga sine formål blir innfridd og at verdiane i stiftinga blir sikra for framtida.

Styret har utarbeidd ein plan for kapitalforvaltning som skal sikre at stiftinga sine verdiar blir forvalta på ein trygg og god måte. Denne planen fastset at det skal prioriterast å bygge reserve til framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane. I tillegg skal det settast av reservar i gåvefond for å sikre kontinuitet i gåvetildelingar. Stiftinga sine kapitalreservar skal i denne fasen primært vere plassert i aktiva med låg risikoprofil.

Ansvarsfordelinga mellom styret og administrasjonen og reglar for rapportering til styret er fastsett gjennom instruks for styret og dagleg leiar, prinsipp for styring og kontroll og rutine for risikostyring. I tillegg er det utarbeidd rutine for tenestekjøp, rutine for rekneskapsføring og rutine for gåvetildeling. Etterleving av desse rutineane er rapportert til styret saman med vurdering av internkontrollen. Det blir sett i verk tiltak for forbetringar på område der det er påvist behov. Risikosituasjonen blir rapportert til styret periodisk.

Stiftinga kjøper på forretningsmessig grunnlag tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette omfattar i hovudsak tenester inn rekneskapsføring, personal og juridisk.

## Openheit

Informasjon til stiftinga sine interessegrupper om styrande organ, prosess for gåvetildeling og framtidige investeringar er viktige element i god styring av verksemda. Stiftinga har difor eiga nettside der informasjon om styrande organ, vedtekter, strategi, etiske retningslinjer, søknads-skjema for gåver, søknadsfristar og praktiske opplysningar til søkjarar blir lagt ut.

Liste over tildelte gåver er lagt ut på stiftinga sine heimesider. Opplysningar om stiftinga si investeringsportefølje vil også bli lagt ut.

## Forvaltning og eigarskap

Stiftinga skal ha evigvarande drift som utgangspunkt for si kapitalforvaltning og skal ikkje investere i høgrisikoprodukt. Det skal også visast stor grad av aktsemd for å unngå investeringar som utgjer ein risiko for medverknad til uetiske handlingar, krenking av menneske og arbeidstakarrettar, korrupsjon og miljø-ødeleggingar.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er, med sin dominerande eigardel, Sparebanken Sogn og Fjordane si viktigaste kjelde til eigenkapital i vanskelege tider. Samtidig er utbytte frå banken stiftinga si viktigaste inntektskjelde. Med dette som utgangspunkt vil styre og administrasjon arbeide for eit godt samarbeid som bidrar til verdiskaping både for bank og stifting. Stiftinga søker aktivt posisjonar i banken sine styrande organ


I konkrete saker vil stiftinga, med utgangspunkt i egne vedtekter, støtte tiltak som gir eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane god og stabil verdiutvikling og høg direkteavkastning i form av utbytte. Stiftinga har utarbeidd ein tydeleg og grundig eigarstrategi. I strategien er det definert korleis stiftinga vil opptre og kva forventningar stiftinga har til banken. Eigarstrategien ligg tilgjengeleg på stiftinga sine heimesider.

## Etiske retningslinjer

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er avhengig av høg tillit frå alle interessegrupper; søkjarar av gåvemidlar, styresmakter, leverandørar og andre forretningsamband, tilsette og frå folk flest. Det må ikkje vere tvil om tillitsvalde og tilsette sin profesjonalitet og integritet.

Det er difor utarbeidd etiske reglar som inneheld generelle prinsipp for aktsemd ved utøving av arbeid eller verv for stiftinga. Reglane gjeld for medlemmer i styrande organ og alle tilsette.

Stiftinga har også utarbeidd retningslinjer for habilitet.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A

# Oversikt over gåvetildelingar i 2023

TAL I HEILE KR

Fleire gåver til same mottakar er slått saman i oversikten.  
Sum gåver kan avvike frå rekneskapstal, grunna fråfall av gåver ref. note 4.

AKKS BERGEN	20 000	DALEN GREN DALAG	100 000
AKSELLO AS	2 700 000	DANS UTEN GRE NSER AS	200 000
AKTIV RAUDEBERG	25 000	DAVIK MUSIKKLAG	50 000
ALMENNING SKYT TARLAG	10 000	DEKNEPOLLVEGEN AKTIVITETSPARK	40 000
ALSAKER GRE NDELAG	10 000	EID IDRET TSLAG	25 000
ANNAI POOPAHTI TAMILSK KULTURSENTER	100 000	EID RIDE OG KØYREKLUBB	100 000
ASKRØVA BYGDELAG	45 000	EIKEFJØRD IDRET TSLAG	20 000
ASKVOLL KOMMUNE	300 000	ELSKHUG OG EKSIS	30 000
ASKVOLL OG HOLMEDAL IDRET TSLAG	30 000	ELVISFESTIVALEN I MÅLØY	50 000
ATLØY IDRET TSLAG	70 000	ERLING SOLHEIM KUNSTFORENING	10 000
BALESTRAND FOLKEAKADEMI	3 000	ESPESETH BÅTLAG SA	5 000
BALESTRAND IDRET TSLAG	260 000	FAGFORENINGENS MUSIKKLAG	100 000
BALESTRAND SOGELAG	4 000	FAGRE STRYN AKTIVITETSSELSKAP AS	100 000
BATALDEN GREN DALAG FRISKUS	15 000	FARNES SKULEMUSIKK	10 000
BERGEN LAUGARLAG	200 000	FELLESANLEGGET TUA SA	30 000
BILETKUNSTNARANE I SFJ.	30 000	FJELLHUG/VEREIDE IDRET TSLAG	10 000
BOTNANE OG ÅREBROT GREN DALAG	10 000	FJORDANE FRILUFTSRÅD	10 000
BRÅK	180 000	FJORDANE SKYT TARLAG	20 000
BREIDVIK OG BÅLEN BYGDELAG	10 000	FJORDKYSTEN REGIONAL- OG GEOPARK	200 000
BREIMSBYGDA IDRET TSLAG	75 000	FLATRAKET IDRET TSLAG	40 000
BREKKE IDRET TSLAG	450 000	FLORA HESTESPORTKLUBB	20 000
BREMANGER JEGER OG FISKEFORENING	15 000	FLORA HISTORIELAG	60 000
BREMANGER KINO AS	50 000	FLORA MUSIKKRÅD	20 000
BREMANGER MUSIKKLAG	20 000	FLORA TURLAG	600 000
BREMANGER SKULEMUSIKK	50 000	FLORØ GOLFKLUBB	50 000
BRYGGJA IDRET TSLAG	30 000	FLORØ HØRNMUSIKK	80 000
BRYGGJA SKYT TARLAG	10 000	FLORØ KLATREKLUBB	15 000
BULANDET OG VÆRLANDET KUNSTSKULE	10 000	FLORØ SANITETSFORENING	20 000
BULANDET TEMAPARK	20 000	FLORØ SEILFORENING	50 000
BYGDELAGET HAVGLIMT	100 000	FLORØ SKOLES MUSIKKORPS	75 000
BYGDENÆRINGS DAGANE I STARDALEN	10 000	FLORØ SKYTTERLAG	100 000
BYMARKAS VENNER	100 000	FLORØ SPORTSKLUBB	810 000
DAGSTURHYTTE BERGEN	100 000	FLORØ TURN- OG IDRETTSFORENING	60 000
		FLORØSKULEN BRASSBAND	20 000
		FOLKEAKADEMIET SOGN OG FJORDANE	30 000



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A



FRAMTIDSYLKE	750 000	HØYVIK GRENDALAG	40 000
FRES FESTIVAL	60 000	HØYVIK SKYTTARLAG	80 000
FURORESTIPEND 2023	450 000	HÅLANDSFELTET VEL	30 000
FØRDE FRISBEEGOLFKLUBB	120 000	IDRETTLAGET HØYANG	20 000
FØRDE IDRETTLAG	512 900	IDRETTLAGET JOTUN	905 000
FØRDE INTERNASJONALE		IDRETTLAGET MODIG	10 000
FOLKEMUSIKKFESTIVAL	205 000	IDRETTLAGET VETEN	300 000
FØRDE JAKT OG FISKELAG	75 000	INDRE GLOPPEN SKYTTARLAG	100 000
FØRDE MÅLLAG	10 000	INDRE SUNNFJORD SPELEMANNSLAG	75 000
FØRDE SENIORDANS	25 000	INITIATIV VEST	200 000
FØRDE SKULEMUSIKKORPS	52 000	INVIRO AS NORDFJORD	750 000
FØRDE SKYTTARLAG	100 000	JAKOB SANDE-SELKAPET	200 000
FØRDE SOKN	20 000	JØLSTER HELSELAG	20 000
FØRDE VOLLEYBALLKLUBB	300 000	JØLSTER IDRETTLAG	188 000
GAMLE INNVIK ULLVAREFABRIKK	500 000	JØLSTER KFUK-KFUM-SPEIDARAR	20 000
GAMLE KVALHEIMSVEGENS VENNER	40 000	JØLSTER LØYPELAG	50 000
GAULAR IDRETTLAG	1 050 000	JØLSTER SENIORDANS	10 000
GAULAR SENIORDANS	10 000	JØLSTER SKISENTER AS	170 000
GJENSYN	100 000	KAUPANGER BEDEHUS	15 000
GLOPPEN FRIVILLIGSENTRAL	20 000	KAUPANGER IDRETTLAG	300 000
GLOPPEN JEGER- OG FISKARLAG	20 000	KFUK-KFUM SOGN OG FJORDANE	20 000
GLOPPEN KOMMUNE	465 000	KINN KOMMUNE	15 000
GLOPPEN KØYRE- OG RIDEKLUBB	20 000	KINNASPELET	100 000
GLOPPEN MUSIKKFORUM	25 000	KJØRNES VELFORENING	80 000
GLOPPEN SENIORDANS	10 000	KØLSET KRINS UTVIKLINGSLAG	20 000
GLOPPEN TANGO	10 000	KØR-I-VIKJA	20 000
GNIST	10 000	KUMLE BYGDETUN	15 000
GROVENE GRANNELAG	25 000	KUMLE KVINNE- OG FAMILIELAG	85 000
GRØN INTEGRERING	100 000	KUNSTBYGDA BALESTRAND AS	30 000
GULEN KOMMUNE	200 000	KUNSTNARSENTERET I	
HARDBAGG IDRETTLAG	300 000	SOGN OG FJORDANE	50 000
HARPEFOSSEN SKIPATRULJE	25 000	KVAMMEN IDRETTLAG	40 000
HAUGEN IDRETTLAG	35 000	KYRKJEBØ SKULE OG	
HAUGEN OG DALEN		UNGDOMSKORPS	10 000
BYGDEUTVIKLINGSLAG	20 000	LANGELAND SKI- OG	
HENNEBYGDA SAMFUNNSHUS	20 000	FRITIDSSENTER AS	150 000
HJØNNEVÅG VEL	20 000	LAVIK IDRETTLAG	50 000
HUB FOR OCEAN	1 200 000	LEIKANGER RØDE KORS	100 000
HUSABULA KULTURSCENE	50 000	LEIRVIK GRENDALAG	60 000
HYLLESTAD IDRETTLAG	720 000	LOEN KARATEKLUBB	25 000
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET,		MALAKOFF ROCKFESTIVAL	337 500
ROBOTIKKSENTER 2023-2027	7 500 000	MARKANE IDRETTLAG	100 000
HØYANGER KOMMUNE	100 000	MIDTRE SUNNFJORD HUSFLIDSLAG	15 000



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDDB13C4A



MUSEA I SOGN OG FJORDANE	2 300 000	SKIFJORD GRENDELAG	5 000
MUSIKKLUBBEN MÅLØY	100 000	SKOR GRENDELAG	40 000
MÅLØY FOTBALLKLUBB	26 000	SKØY	100 000
MÅLØY KUNSTLAG	10 000	SLÅTTEN SKULEMUSIKK	10 000
MÅLØY SEILFORENING	25 000	SMIL-FOND SUNNFJORD OG OMEGN	15 000
MÅLØY VEKST AS	50 000	SOFJO PRIDE	50 000
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	400 000	SOGN OG FJORDANE	
NAUSTDAL FRAM	20 000	FOLKEMUSIKKLAG	80 000
NAUSTEDALEN SPELEMANNSLAG	20 000	SOGN OG FJORDANE	
NFF SOGN OG FJORDANE	95 000	FRIIDRETTSKRINS	300 000
NMK SUNNFJORD	165 000	SOGN OG FJORDANE HUSFLIDSLAG	30 000
NORANE UNGDOMSLAG	15 000	SOGN OG FJORDANE	
NORDFJORD KLATREKLUBB	30 000	LANDBRUKSSELSKAP	50 000
NORDFJORDAKADEMIET	100 000	SOGN OG FJORDANE MUSIKKLAG	25 000
NORGES MILJØVERNFORBUND	100 000	SOGN OG FJORDANE	
NORGES SPEIDERFORBUND (NSF)	15 000	ORIENTERINGSKRINS	30 000
NORSK FJORDHESTSENTER AS	1 000 000	SOGN OG FJORDANE RØDE KORS	2 300 000
NORSKE REDNINGSHUNDER SOGN OG FJORDANE	100 000	SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP	10 000
NYNORSKHUSET AS	30 000	SOGN OG FJORDANSE RYTTARKRINS	100 000
OLDEN UNGDOMSLAG	30 000	SOGN TERRENGSYKKEL	450 000
OPERAKYSTEN	30 000	SOGNDAL IDRETTLAG	30 000
OPPLEV BREMANGER	80 000	SOGNDAL KOMMUNE	130 000
OPPLÆRINGSKONTORET FOR ELEKTROFAG SFJ.	20 000	SOGNDAL RØDE KORS	1 500 000
OPPSTRYN IDRETTLAG	30 000	SOGNDAL SKULEMUSIKK	30 000
PALMEKYSTFESTIVALEN	30 000	SOGNDAL SONGLAG	30 000
PARKEN KULTURHUS SA	20 000	SOGNEFJORDEN NÆRINGSHAGE AS	15 000
PENSJONISTFORBUNDET SOGN OG FJORDANE	300 000	SOLUND IDRETTLAG	30 000
REDNINGSSKAPET	830 000	SOLUND KARATEKLUBB	60 000
REODØRKLUBBEN BREIM	30 000	SOLUND KUNSTLAG	20 000
RØYSALEITE GREN DALAG	30 000	SOLUND MUSIKK OG TEATERVERKSTAD	25 000
SANDANE TURN OG IDRETTLAG	60 000	SOLUND SKULEMUSIKKORPS	30 000
SANDE OG BYGGSTAD SKULEMUSIKK	20 000	STAD DEMENSFORENING	30 000
SAUESUND SMÅBÅTLAG	20 000	STAD KOMMUNE	100 000
SELJE IDRETTLAG	130 000	STADHEIMGARDEN GREN DALAG	75 000
SENIORNETT GLOPPEN	10 000	STIFTELSEN NASJONALT VILLAKSSENTER	1 000 000
SENIORUNIVERSITETET I FØRDE	10 000	STIFTELSEN NORSK FJORDHESTGARD	15 000
SILDA VELFORENING	20 000	STIFTELSEN RØDE KORS	
SIPLO TRÅKKEMASKINDRIFT	30 000	NORDISK UWC	25 000
SJØSPRETTE	25 000	STIFTINGA BYSTIEN	
SKAVØYPØLL IDRETTLAG	20 000	- FØRDE BYUTVIKLING	1 000 000
		STIFTINGA FØRDE TERAPIBASSENG	10 000
		STIFTINGA GLOPPEN MUSIKKFEST	30 000
		STIFTINGA MÅLROCK	50 000




This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD13C4A



STIFTINGA NORSK COUNTRYTREFF	150 000	VENER AV BALESTRANDSFJELLA	200 000
STIFTINGA UTKANT	120 000	VESTLAND FYLKESKOMMUNE	50 000
STRYN KOMMUNE	30 000	VESTLAND IDRETTSKRINS	50 000
STRYN NÆRINGSHAGE AS	50 000	VESTLANDET E-SPORT	50 000
STRYN TURN OG IDRETTSLAG	150 000	VESTRE LEITE GRENDALAG	200 000
STRYN VINTERSKI AS	20 000	VETERANBÅTLAG ATLØY	250 000
STRYN VISEFESTIVAL	50 000	VETERANBÅTLAGET M/S STANGFJORD	15 000
STUDENTSAMFUNNET I FØRDE	100 000	VETLEFJORDEN IDRETTSLAG	30 000
STUDENTSPRETTE IL	20 000	VEVRINGUTSTILLINGA	10 000
STÅRHEIM SKULEKORPS	60 000	VIDAR UNGDOMSLAG	75 000
SUNNFJORD FOLKEHØGSKULE	500 000	VIKSDALEN NÆRMILJØRÅD	180 000
SUNNFJORD HESTESPORTSLAG	50 000	VIKSDALEN SKYTTLARLAG	70 000
SUNNFJORD JUNIORSPELEMANNSLAG	15 000	VISIT NORDFJORD AS	100 000
SUNNFJORD KOMMUNE	3 131 000	VITENSENTERET I	
SUNNFJORD KULTURRÅD	25 000	SOGN OG FJORDANE AS	1 250 000
SUNNFJORD KUNSTLAG	15 000	VOKSNE FOR BARN -	
SUNNFJORD TAEKWONDO	30 000	INDRE NORDFJORD LOKALLAG	60 000
SUNNFJORD UTVIKLING AS	520 000	VÅGE OPPEDAL BYGDELAG	200 000
SVANØY GRENDAUTVAL	20 000	WHALEINTHESKY PRODUKSJONER	30 000
SVELGEN DIY	15 000	YTRE GULEN IDRETTSLAG	50 000
SVELGEN NORD OG NED	30 000	YTRE SOGN OG SUNNFJORD	
SVELGEN TURN- OG		BRASS BAND	55 000
IDRETTSFORENING	25 000	YTRE-HAFSTAD GRANNELAG	95 000
SYRIL IDRETTSLAG	145 000	ØEN GRENDALAG	120 000
SØRBØVÅG MC-KLUBB	5 000	ÅLFOTEN HORNUSIKK	50 000
SØRSTRAND FOLKEPARK	200 000	ÅLFOTEN IDRETTSLAG	80 000
SØSTRENE MEL	40 000	ÅRDAL E-SPORT	25 000
TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	20 000	ÅRDAL KOMMUNE KULTURAVD.	30 000
TEATER VESTLAND AS	3 000 000	ÅRDAL OG HELGHEIM	
ULLTANG GRENDALAG	100 000	BYGDEKVINNELAG	15 000
VADHEIM MUSIKKLAG	20 000	ÅRDAL OG HELGHEIM GRENDALAG	20 000
VENELAGET FOR STØLSVEGEN		ÅRDAL TEKNOLOGIPARK AS	1 000 000
TIL NOVA	500 000	ÅRDALSTANGEN IDRETTSLAG	150 000
		ÅSE OG GRIMSET GRENDELAG	20 000



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBD4B13C4A





## Opplysningar om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Adresse: Langebruvegen 12  
6800 Førde  
Telefon: 57 82 97 00  
Heimeside: [www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no)  
Epostadresse: [post@sparebankstiftinga.no](mailto:post@sparebankstiftinga.no)  
Føretaksnummer: 995 883 031

Kontaktpersonar:  
Hallvard Klakegg  
direktør  
Tlf. 481 67 058

Yngve Thorsen  
Leiar gåver og samfunnskontakt  
Tlf. 908 02 575

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ÅRSRAPPORT 2023



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
CA2860D346C549F7803D14BBDFB13C4A



## Deloitte.

Deloitte AS  
Strandavegen 15  
NO-6900 Florø  
Norway

+47 23 27 90 00  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

### MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

#### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane som er samansett av aktivitetsbasert balanse per 31. desember 2023, aktivitetsbasert resultatregnskap, kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2023 og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

#### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

#### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og leiinga er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Registrert i Foretaksregisteret  
Medlemmer av Den norske Revisorforening  
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS



## Deloitte.

side 2  
Melding frå uavhengig revisor  
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilde.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhaldet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.

### *Fråsegn om andre lovmessige krav*

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, meiner vi at forvaltninga av stiftinga og utdelingane er i samsvar med lov og stiftinga sitt føremål og vedtekter.

Førde, 13. mars 2024  
Deloitte AS

**Hallgeir A. Bruvik**  
statsautorisert revisor

(Signert elektronisk)



## Melding frå uavhengig revisor


Name

Date

**Bruvik, Hallgeir Andreas**

**2024-03-13**

Identification

 bankID Bruvik, Hallgeir Andreas



This document contains electronic signatures using EU-compliant PAdES - PDF  
Advanced Electronic Signatures (Regulation (EU) No 910/2014 (eIDAS))